



Vaksdal kommune

## MØTEINNKALLING

### RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Møtedato:** 08.12.2016  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 14:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost [solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no](mailto:solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no)

## SAKSLISTE

| SAKSNR  | TITTEL                                    |
|---------|---|
| 11/2016 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE    |
| 12/2016 | GODKJENNING AV MØTEBOK                    |
| 13/2016 | REFERATSAKER OG MELDINGAR                 |
| 14/2016 | DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR                  |
| 15/2016 | RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 |

29. november 2016

Frode O. Kallestad Dyvik  
Leiar



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 11/2016 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 08.12.2016 |

| Sakshandsamar  | Arkiv    | ArkivsakID |
|----------------|----------|------------|
| Solrun Hauglum | FE - 033 | 16/1586    |

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 12/2016 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 08.12.2016 |

| Sakshandsamar  | Arkiv    | ArkivsakID |
|----------------|----------|------------|
| Solrun Hauglum | FE - 033 | 16/1586    |

### GODKJENNING AV MØTEBOK

**Vedlegg:**

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.06.2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL

### RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Møtedato:** 23.06.2016  
**Møtestad:** Heradshuset  
**Møtetid:** 14:00 - 16:00

**Møtedeltakarar:**

| Medlemmer                | Parti | Rolle      |
|--------------------------|-------|------------|
| Frode O. Kallestad Dyvik | KRF   | Utvalseiar |
| Anne Christin Eide       | AP    | Nestleiar  |
| Ida Carlsen Eide         |       | Medlem     |

| Forfall        | Parti | Møtande varamedlem |
|----------------|-------|--------------------|
| Kristin Lyngmo |       |                    |

**Andre møtande:**

Solrun Hauglum, sekretær.

Åse Elin Myking, fungerande rådmann, og Ann Kristin Bolstad, kommunalsjef oppvekst, var til stades under sak 09/2016.

Truls Morten Kaland, økonomisjef, var til stades under sak 10/2016.

## Saksliste

| SAKSNR  | TITTEL  |
|---------|---|
| 06/2016 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE        |
| 07/2016 | GODKJENNING AV MØTEBOK                        |
| 08/2016 | REFERATSAKER OG MELDINGAR                     |
| 09/2016 | DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR                      |
| 10/2016 | RÅDMANNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020 |



**06/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.06.2016**

**Behandling:**

**RFF - sak 06/2016 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**07/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.06.2016**

**Behandling:**

**RFF - sak 07/2016 Vedtak/Tilråding:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**08/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.06.2016**



**Behandling:**

**RFF - sak 08/2016 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**09/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.06.2016**

**Behandling:**

Fungerande rådmann Åse Elin Myking orienterte om kommunereform.

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad orienterte om skulestruktursaka.

**RFF - sak 09/2016 Vedtak/Tilråding:**

Sakene vert tatt til orientering. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å få saker som skulestruktursaka tilsendt til høyring.

---

**10/2016: RÅDMANNNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for levekår gjer slik uttale .....

**Levekårsutvalet 30.05.2016**

**Behandling:**

Forslag til vedtak frå SV, Høgre og MDG:

1. Økonomiplanen vert teken til orientering. Partia vil kome attende med sine prioriteringar i



## Vaksdal kommun

formannskap og kommunestyre.

2. Levekårsutvalet ber om at kapitalbudsjettet vert endra slik at det føl same oppsett som tidlegare. Postane må vera samanliknbare.

Avrøysting: Samrøystes

### **LEV - sak 16/2016 Vedtak/Tilråding:**

Uttale frå levekårsutvalet:

1. Økonomiplanen vert teken til orientering. Partia vil kome attende med sine prioriteringar i formannskap og kommunestyre.
2. Levekårsutvalet ber om at kapitalbudsjettet vert endra slik at det føl same oppsett som tidlegare. Postane må vera samanliknbare.

### **Administrasjonsutvalet 13.06.2016**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

### **ADM - sak 05/2016 Vedtak/Tilråding:**

Administrasjonsutvalet tar rådmannen sitt framlegg til økonomiplan til orientering.

### **Eldrerådet 15.06.2016**

#### **Behandling:**

Fungerande rådmann Åse Elin Myking la fram rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017 - 2020.

### **ELD - sak 15/2016 Vedtak/Tilråding:**

Eldrerådet tek økonomiplanen til orientering. Eldrerådet ønskjer å presisera at kvaliteten innan helse og omsorgstenestene bør opprettholdast.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.06.2016**



**Behandling:**

Økonomisjef Truls Morten Kaland orienterte om rådmannen sitt framlegg til Økonomiplan 2017 - 2020.

**RFF - sak 10/2016 Vedtak/Tilråding:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til orientering.

---





## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 13/2016 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 08.12.2016 |

| Sakshandsamar  | Arkiv    | ArkivsakID |
|----------------|----------|------------|
| Solrun Hauglum | FE - 033 | 16/1586    |

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

| Saksnummer | Tittel                   |
|------------|--------------------------|
| 13/2016.1  | Styringsdokument Lev Vel |

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



2016 - 2019

## STYRINGSdokUMENT FOR «LEV VEL I VAKSDAL»

|   |   |
|---|---|
| <b>Behandlet dato:</b><br>26.09.2016  | <b>Behandlet av:</b><br>Styringsgruppa for prosjektet |
| <b>Beslutning:</b><br>Styringsdokumentet godkjent av styringsgruppa i møte 26.9.2016                        |   |
| <b>Bemanning av planleggingsfasen</b><br>Prosjektleder: Solrun Hauglum                                      |   |
| <b>Signatur</b><br>Leiar for styringsgruppa: Evelyn Boge                      Prosjektleder: Solrun Hauglum |   |

## 1. PROSJEKTDEFINISJON

### 1.1. Bakgrunn og begrunnelse (hjemling/behov)

Gjennom prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» vil Vaksdal kommune utvikla framtidretta og gode helse- og omsorgstenester for å møte dei utfordringar som kjem i åra framover med større etterspurnad etter tenester samstundes som tilgjengelege ressursar vert redusert.

Helse- og omsorgstenestene i Vaksdal har hatt sitt fundament innan institusjonsomsorg, og styringsdata som Kostra og Kommunebarometeret viser at det er potensiale til å nytta ressursane betre. Kravet til kompetanse og effektivitet vil vera aukande framover, og det vil gi konsekvensar for tenestetilbod og metodar. I tråd med sentrale styringssignal og lokale planar vil ein vri satsing og tenester innan helse og omsorg over mot meir førebygging, rehabilitering og eigenmeistring. Denne satsinga er også i samsvar med demografiske endringar. Vaksdal vil få færre av aldersgruppa over 80 år i åra framover, medan ein vil få ein auke i aldersgruppa 67 – 79 år. Dette krev ei omlegging av tenester for å sikra at den veksande gruppa unge eldre vert møtt med kompetanse og metodar som fremjar eigenmeistring og utset reduksjon av helse og funksjon. Også i eit folkehelseperspektiv, og for å sikra tenester til andre alders- og brukargrupper, er det viktig at midlar og ressursar vert omfordelt til mest ressurseffektive nivå.

Samfunnet rundt oss er også i endring. Brukarar og pårørande er langt meir opplyste enn tidlegare og stiller nye krav til tenester. Utviklingstrekk og forskning viser at dei fleste ønskjer å bu i eigen heim og meistra eige liv så lenge som råd. Innføring av nye metodar og bruk av velferdsteknologi er med å gjera dette mogeleg.

Prosjektet er heimla i Kommunedelplan helse og omsorg og gjeldande økonomiplan og budsjett for Vaksdal kommune.

### 1.2. Mandat

Prosjektet skal leggja til rette for og bidra til realisering av planar frå tidlegare organisasjonsutviklings-arbeid innan helse og omsorg og av strategiane i Kommunedelplan helse og omsorg gjennom å:

- motivera og tilretteleggja for ansvar for eiga helse gjennom aktivitet og deltaking
- motivera og engasjera omsorgsressursar i samfunnet
- leggja vekt på førebygging og tidleg innsats
- leggja til rette for systematisk og kontinuerleg utvikling og innovasjon i tenestene
- rekruttera og utvikla kompetente tilsette som bidreg til å utvikla tenesta

Prosjektet skal:

- utvikla og endra tenestene i samsvar med rammevilkåra i økonomiplanen i prosjektperioden
- gjera framlegg om tilpassingar og endra bruk av areal, herunder ombyggingar
- planleggja framtidig utvikling og drift fram mot 2030

Prosjektet skal:

- organiserast som eit prosjektprogram med overordna prosjektgruppe og fleire delprosjekt
- driftast innanfor dei rammene som er gitt i budsjett og økonomiplan med ordinær rapportering månadleg og pr. tertial til rådmannen. For å sikra ressurstilgang, kompetanseheving og endring skal driftsressursar nyttast i delprosjekta etter avtale med einingsleiar

### 1.3. Prosjektet sitt føremål og mål

Føremålet er å utvikla helse- og omsorgstenester for framtida. D.v.s. tenester som er berekraftige, framtidretta og i tråd med brukarane sine behov og mogeleg å yta innanfor gitte rammer. Tenestene skal vera samanhengande, og ein skal ta omsyn til heile tenesteforløpet. Framfor å driva einsidig fagutvikling innanfor deltenester/fagområde, må me vere innovative for å utvikla samanhengande tenestekjede. Då må me omprioritera, prioritera bort og vri innsats nedover mot manglande eller svake trinn i omsorgstrappa. Dette vil medføra endring i tenestetilbod, kompetanse og metodar. Endringane vil også gi konsekvensar for organisatoriske og bygningsmessige tilhøve og samarbeid internt, eksternt og med brukarar, pårørande og frivillige.

Hovudmålsetning for prosjektet:

- Meistring og deltaking heile livet.
- Mobilisera og engasjera samfunnet sine omsorgsressursar.
- Framtidretta og berekraftige tenester.
- Systematisk og kontinuerleg utvikling og innovasjonsarbeid.

### 1.4. Omfang og avgrensningar

Prosjektet har to hovudsatsingsområde:

1. Utvikling av eit ressurscenter for demens i Jamne-området ved Vaksdal sjukeheim med ulike buløysingar, tilrettelagt inne- og uteområde og base for kompetanse og helsetenester innan demensfeltet. Området skal tilretteleggjast slik at det fremjar deltaking og meistring for brukargruppa og slik at pårørande, frivillige og andre innbyggjarar kjenner seg velkomne og i stand til å bidra.
2. Oppretting av Helsehus på Daletunet med fokus på førebygging, opptrening og rehabilitering. Helsehuset skal innehalda ein eigen brukarlab for teknologiske løysingar som er open for alle innbyggjarar.

Dei to sentera vil verta baser for helse- og omsorgstenester både for heimebuande og dei som bur i institusjon. Tenestene vil vera meir retta mot assistanse, råd, rettleiing og tilrettelegging, og ein vil nytta metodar som fokuserar på ressursar og mogelegheiter og byggjer opp under brukaren si meistringsevne framfor å overta for mykje for brukar.

Utvikling av denne typen senter vil også medføra organisatoriske endringar då det vert stillt andre krav til samarbeid mellom heimeteneste og institusjon og andre fagområde. Kompetansmiljø og tenester vil få si tilhøyrgheit til base eller senter heller enn til heime- og institusjonsteneste.

Prosjektet dekker helse og omsorg med unnatak av barnevern og sosialteneste og er i samsvar med kommunedelplan helse og omsorg 2015 -2030.

## 1.5. Interessenter/målgrupper

Brukarar, pårørande, tilsette og frivillige vil vera sentrale interessentar i prosjektet. Generelt vil innbyggjarane i kommunen vera interessentar både som utviklingsaktørar og brukarar av ulike tilbod. Politkarane er viktige interessentar som skal vedta mål og prioriteringar for prosjektet.

Brukarmedverknad på systemnivå vert ivareteke av Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. IKTNH og ulike leverandører av teknologi er interessenter saman med ulike forskingsmiljø.

Alle tenesteområda er involvert i gjennomføringa av prosjektet, i tillegg er vårt ikt-miljø for drift og utvikling med. Tilsette deltek i arbeidsgrupper og ved planlegging og gjennomføring, og er i prosjektgruppa representerte ved hovudtillitsvalde. Hovudverneombod deltek i prosjektgruppa. Eksterne samarbeidspartar er forskarar frå Senter for omsorgsforskning Vest / Høgskolen i Bergen. Ulike teknologimiljø vil delta i delprosjekt både som utviklarar og leverandørar. Husbanken og andre statlege program kan vera aktuelle medspelarar.

## 2. VALG AV ALTERNATIV OG VURDERINGAR

### 2.1. Vurdering/konseptvalg

For å endra tenester slik målsetninga med prosjektet er, må ein evna å kombinera ulike perspektiv på endring:

- Holdningsendring.
- Kompetanseheving og ny kompetanse, inkludert endringskompetanse.
- Endra samarbeid internt og eksternt.
- Endra samhandling og samarbeid med brukarar og pårørande.
- Meir systematisk samarbeid med frivillige, herunder både organisasjonar og enkeltpersonar eller grupper.
- Tilpassing og endring av organisatoriske tilhøve.
- Endring og tilrettelegging av bygningsmessige tilhøve.

Eit overordna prosjekt eller prosjektprogram som famnar om dei ulike satsingar og delprosjekt vil sikra heilheit, oversikt og koordinering av dei ulike delaktivitetar. Det vil sikra god styring av utvikling og satsingar, og at desse er i tråd med lovverk, sentrale føringar, lokale planar og tilgjengelege ressursar.

### 2.2. Nytte/kost-vurderinger

Verdiskapingspotensialet i prosjektet er stort:

- Auka livskvalitet for brukarar og pårørande.
- Auka kompetanse og jobbtilfredsheit hjå tilsette.
- Betre ressursutnytting for kommunen.

Satsingar og målsetning er i tråd med sentrale føringar og skal bidra til å oppnå regjeringa sitt mål om «pasienten sine helsetenester». Brukarmedverknad og omprioritering av tenester nedover i omsorgstrappa, skal gi auka meistring og tilfredsheit for brukar, noko som gjerne virkar positivt inn på helse og livskvalitet.

Tilsette som får auka kompetanse/endringskompetanse og får medverka i utviklingsprosessar, rapporterer ofte at dei finn dette interessant og utviklande. Dei får også større forståing for tenesteutvikling og innovasjon.

Ved å vri satsingar og tenester over frå dei mest ressurskrevjande tenestene øvst i omsorgstrappa ned mot tenester som utløyser mindre ressursar og personellinnsats, vil ein oppnå meir effektive tenester.

## 2.3. Vurdering av usikre sider ved prosjektet

Risiko:

- Manglande interesse og medverknad frå sentrale aktørar.
- Tap av sentrale medarbeidarar og nøkkelkompetanse.
- Manglande finansiering og ressurstilgang.
- Svikt i koordinering og styring av viktige delprosjekt.
- Bygningsmessige og organisatoriske tilhøve som ikkje støttar opp om prosessar og endring.

Det vert utført risikovurdering for delprosjekt og iverksett eventuelle risikoreduserande tiltak.

Risiko vert forsøkt redusert gjennom god planlegging og kvalitetssikring og ved å gjennomføra eventuelle justeringar.

## 3. GEVINSTAR

Gjennom prosjektet vil kommunen utvikla nye/endra tenester og endra metodar for samhandling og produksjon av tenester.

- Nye og endra tenester som er baserte på den enkelte sine ressursar. I samspel med brukarane vil tenester verta designa på nytt. Samspel med frivillige og nærmiljø vil også bidra til å endra dei kommunale tenestene.
- Nye eller endra arbeidsprosessar når teknologi vert teke i bruk på nye måtar. Tenester kommunen gir, vil få større innslag av tilrettelegging og støtte. Arbeidsprosessar vert også endra når frivillige deltek meir aktivt, t.d. mot større grad av koordinering.
- Nye eller endra måtar brukarane mottak kommunale tenester (leveranse/distribusjon). Tenestene kan innebera meir råd og rettleiing om teknologisk støtte og meir digital dialog med brukarar og pårørande.
- Nye former for tverrfagleg samarbeid der ein tenkjer heile mennesket og heile livsløpet. Nye arbeidsprosessar og endra tenester krev nye måtar å organisera og leia på.
- Meir opnare og tilgjengelege tenester i godt samspel med lokalsamfunn og institusjonar som ein møteplass i bygda.

#### 4. GROV TIDSPLAN OG MILEPÆLER

| Aktivitet  | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|------|------|------|------|
| Innhenting av kunnskapsgrunnlag                                |      |      |      |      |
| Brukarmedverknad   |      |      |      |      |
| Medarbeidardreven innovasjon                                   |      |      |      |      |
| Formidling - informasjon                                       |      |      |      |      |
| Utvikle mer systematisk samarbeid med frivillige og pårørende  |      |      |      |      |
| Samling av skjerma einingar på Vaksdal                         |      |      |      |      |
| Kompetanseutvikling  |      |      |      |      |
| Utforming av eksisterande areal for utvikling av ressurscenter |      |      |      |      |
| Brukarmedverknad –utvikling av ressurscenter for demens        |      |      |      |      |
| Kvardagsrehabilitering tatt i bruk som basisteneste            |      |      |      |      |
| Første trinn av brukarlab – teknologi etablert                 |      |      |      |      |
| Etablering av tenester i Helsehuset                            |      |      |      |      |
| Etablering av Helsehus med brukarlab                           |      |      |      |      |
| Teknologiutprøving   |      |      |      |      |
| Meistringsgruppe - Trøndelagsprosjektet                        |      |      |      |      |

#### 5. ORGANISERING, ROLLER OG ANSVAR

Kommunestyret er eigar av prosjektet, Levekårutvalet er referansegruppe, og rådmannen er prosjektansvarleg. Kommunestyret er representert i styringsgruppa og prosjektgruppa. Brukarar og tilsette har sine representantar i prosjektgruppa.



Styringsgruppa har 3 faste møter årleg. Prosjektleiaren rapporterer til styringsgruppa på overordna mål og milemælar i styringsdokumentet. Eventuelle endringar i prosjektet vert ført i endringslogg vedlagt styringsdokumentet.

Ordinær rapportering til rådmann månadleg og pr. tertial. Rådmann rapporterer til kommunestyret gjennom tertialrapportar og årsmelding.

Prosjektgruppa sender referat til styringsgruppa og Levekår.

## 6. BUDSJETT

Prosjektet skal driftast innanfor dei rammer som er gitt i budsjett og økonomiplan. Driftsressursar skal nyttast i delprosjekta etter avtale med einingsleiar. Der delprosjekt opnar for moglegheit til å søkja om midlar eksternt, vil ein nytta høvet til det.

## 7. KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON

Prosjektet er omfattande med fleire parallelle delprosjekt og mange involverte og interessentar. For å få god informasjonsflyt vil me definera tydelige informasjonskanalar internt i prosjektet.

Mål med kommunikasjon:

- Skapa forståing og engasjement for prosjektet.
- Informera om prosjekt og pågåande aktivitetar og delprosjekt.
- Skapa dialog med samarbeidspartar og interessentar.
- Synleggjera korleis Vaksdal kommune bur seg for framtidig utfordringar innan helse og omsorg.
- Opna for input og kontaktar med andre miljø for å skapa relasjonar som kan vera viktig for realisering av mål.

Prosjektgruppa vil utarbeide ein kommunikasjonsplan som skal brukast aktivt i heile prosjektperioden, og skal vere tema på alle prosjektmøte.

Kommunikasjonskanalar vert både eigne og andre kanalar. Kommunikasjon skjer gjennom møte/samlingar, e-post, «Skyttelen», nettside og facebook. Andre kanalar kan vera media, lokalt gjennom «Vaksdalsposten» og «Hordaland», og gjennom regionale og landsdekkande tidsskrift, aviser og eventuelt radio og TV-kanalar. Medverknad på konferansar, møter og samlingar er også viktige arenaer.





## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 14/2016 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 08.12.2016 |

| Sakshandsamar  | Arkiv    | ArkivsakID |
|----------------|----------|------------|
| Solrun Hauglum | FE - 033 | 16/1586    |

### DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 15/2016 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 08.12.2016 |

| Sakshandsamar  | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|-------|------------|
| Solrun Hauglum |       | 16/1587    |

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017

#### Vedlegg:

BUDSJETT 2017 (L)(67177)

Rådmanns framlegg til budsjett 2017 - 11.11.16 (L)(67067)

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLPOVA, MATRIKKELLOVA MM. FOR 2017 (L)(64763)

SVAR PÅ SPØRSMÅL ETTER BUDSJETTSEMINAR FPØ (L)(67005) (L)(67171)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 vert tatt til orientering.

#### Saksopplysningar:

Jamfør vedlegg og vedlagde budsjettframlegg.



## SAKSPAPIR

| Saksnr   | Utval                               | Type | Dato       |
|----------|-------------------------------------|------|------------|
| 112/2016 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS   | 21.11.2016 |
|          | Kommunestyret                       | PS   |            |

| Sakshandsamar       | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------------|----------|------------|
| Truls Morten Kaland | FE - 151 | 16/1031    |

### BUDSJETT 2017

#### Vedlegg:

Rådmanns framlegg til budsjett 2017 - 11.11.16

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLPOVA, MATRIKKELLOVA MM. FOR 2017

SVAR PÅ SPØRSMÅL ETTER BUDSJETTSEMINAR FPØ (L)(67005)

Vedk planar for oppvekstun på Stamnes

Søknad om løyving av driftsmidlar til Vaksdal kyrkjelege fellestråd

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2017 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrivi ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2017. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2017 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2017 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 64.650.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 41.720.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2017. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Betalingsssatsar etter «Vedlegg – betalingsssatsar 2017» vert godkjent. Nye betalingsssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2017, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova  

§ 33-1, matrikellova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova  
§ 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker.  
Forskrifta vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2017 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2017 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

#### **Saksopplysningar:**

Rådmann sitt framlegg til budsjett 2017 byggjer på Økonomiplan 2017-2020. Rådmann sitt framlegg

vart presentert for kommunestyret 03.10.2016 og gjennomgått i budsjettseminar for formannskap-plan og økonomiutval 24. og 25. oktober 2016. Arbeidet med budsjettet i tenesteområda er koordinert av kommunalsjefane, og det er utarbeidd nettorammer pr tenesteområde.

Skjema som ligg ved i budsjettdokumentet er i samsvar med «*Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)*».



## Vaksdal kommune



Rådmanns framlegg til Budsjett 2017

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Innhold.....  | 2  |
| Rådmann sitt framlegg til årsbudsjett for 2017 .....    | 3  |
| Statsbudsjettet 2017 – Kommuneøkonomi .....             | 5  |
| Hovudliner frå Økonomiplan 2017 – 2020.....             | 9  |
| Budsjett 2017 .....                                     | 13 |
| Investeringar .....                                     | 20 |
| Fond.....   | 25 |
| Heilskapleg system .....                                | 26 |
| Strategiske val og endringar i drifta .....             | 28 |
| Vedlegg 1. Tenesteområde, einingar og fellesområde..... | 29 |
| Tenesteområde Oppvekst .....                            | 29 |
| Skule .....   | 31 |
| Barnehage .....   | 33 |
| Tenesteområde helse og omsorg.....                      | 35 |
| Heimetenesta .....                                      | 37 |
| Sjukeheimstenesta .....                                 | 38 |
| Folkehelse og familie.....                              | 39 |
| Tenesteområde samfunnsutvikling.....                    | 40 |
| Samfunnsutvikling .....                                 | 41 |
| Felles økonomi .....                                    | 43 |
| Organisasjon.....                                       | 45 |
| Vedlegg 2. Kostra.....                                  | 50 |
| Vedlegg 3. Betalingssatsar 2017.....                    | 52 |

## Rådmann sitt framlegg til årsbudsjett for 2017

Rådmann legg fram konsekvensjustert budsjett for 2017 basert på føringar i vedteken økonomiplan. Norsk arbeidsliv står i omstillingar og endringstakten i samfunnet aukar. Dette pregar også kommunesektoren som må tilpasse seg auka krav og endra rammevilkår. Vaksdal opplever vanskelege tider økonomisk og må ta sin del av endringar og omstilling for å møte framtida. Strategiar og tiltak vedtatt i økonomiplanen skal setjast i verk i 2017 og åra som kjem.

Samtidig pågår planleggingsarbeidet med K5, ny vei og bane, gjennom kommunen. Eit prosjekt som skapar optimisme og potensielt kan medføre etterlengta folketalsvekst i kommunen på sikt. Utbygginga vil prege Vaksdal samfunnet over lang tid og gje moglegheiter for utvikling. Arbeid med områdeplanar for stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle er starta opp.

Gjennom utbygging på Tettaneset legg kommunen til rette eit større utbyggingsområde for ny busetnad. Samtidig skal det byggast ny skule på Dale og tilbygg på Vaksdal. Store investeringar som er krevjande løft for kommunen, men som kan bidra til tilflytting og hindre utflytting.

Inntektene til kommunen vert redusert kvart år framover. Særleg gjeld dette inntekter relatert til vasskraftressursane og kraftproduksjon, men også statlege overføringar vert redusert som følgje av endringar i inntektssystemet og demografi. Auka kostnader til m.a. renter og avdrag, løns- og prisvekst må dekkast inn. Dagens drift er ikkje lenger berekraftig, omstillingar og endringar er nødvendig for å tilpasse seg endra rammevilkår.

Kommunen har budd seg på denne utviklinga og er i gang med endringar og behovstilpassingar innan alle område. Prosjektet Lev Vel i Vaksdal er eit døme på endringsarbeidet som pågår for å møte samfunnsutfordringane og endra rammevilkår. Vurderingar og prioriteringar er nødvendig og i framlegget til årsbudsjettet 2017 vert det lagt fram faglege tilrådingar til politisk behandling.

Rådmann er uroa for den høge endringstakten vi vil møte i åra som kjem, det stiller krav om å tenke nytt om korleis oppgåver kan løysast. Våre dyktige leiarar saman med kompetente og motiverte tilsette viser evne og vilje til å løyse oppgåver både på tvers av organisasjonen og saman med innbyggjarar og andre samarbeidspartnarar. Auka satsing på digitalisering og bruk av moderne teknologi skal bidra til å realisere effektive, gode tenester, dialog og samhandling.

Dale 3.oktober 2016

Åse Elin Myking  
Fungerande rådmann



## Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. *Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
2. *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
3. *Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
4. *I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
5. *Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
6. *Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
7. *Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
8. *Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

1. *Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettjhemmel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
2. *Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
3. *Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
4. *Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
5. *Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
6. *Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
7. *I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
8. *Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

## Statsbudsjettet 2017 – Kommuneøkonomi

Budsjettet vert lagt fram før Statsbudsjett 2017 er kjent. Budsjett og føresetnader for Vaksdal kommune bygger difor på Kommuneproposisjonen 2017 og Fylkesmannen sine kommentarar. Full effekt av nytt inntektssystem vert lagt fram i statsbudsjettet, det kan difor kome endringar i rammetilskotet til kommunen.

### **Kommuneopplegget for 2017 - generelt**

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. frå 2016 til 2017. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten for 2017 vil difor bli endra når statsbudsjettet blir lagt fram til hausten dersom pårekna inntektsnivå for i år blir endra.

Veksten i dei frie inntektene på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. er realauke slik at pris-kompensasjon frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Det er lagt til grunn at av veksten i dei frie inntektene, vil om lag kr. 2,0 mrd. (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga) gå til auka utgifter knytt til befolkningsutviklinga for kommunane.
2. Pensjon. For kommunane kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr. 0,7 mrd. utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Det må understrekast at det er stor uvisse knytt til dette overslaget. Pårekna auke i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på bakgrunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiserings-kostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.
3. Av veksten i dei frie inntektene i 2017 er kr. 300 mill. grunngeve med auka satsing innan rusområdet.

### **Skjønstilskot for 2017**

Basisramme skjønstilskot for landet blir kr. 1191 mill. Dette er ein reduksjon på kr. 100 mill. frå basisramme i landet i 2016. Beløpet på kr. 100 mill. blir overført til kommunane sitt innbyggjartilskot i inntektssystemet. Det kan for 2017 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylka. Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Kr. 400 mill. av skjønnsramma er frå og med 2011 gitt til kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet i 2011. Denne ramma er blitt fordelt av departementet mellom kommunane. Fordelinga har lagt fast med same årlege beløp til dei aktuelle kommunane til neste revisjon av kostnadsnøklane, det vil seie med same fordeling i perioden 2011 - 2016. Som følgje av at det for 2017 blir gjennomført revisjon av kostnadsnøklane i inntektssystemet, blir denne kompensasjonsordninga ikkje vidareført i 2017. Dette gjeld ikkje dei ordinære skjønsmidlane. Ramma på kr. 400 mill. vil framleis i 2017 vere ein del av skjønnsramma men blir i staden gitt som kompensasjon knytt til følgjande:

### Reduksjon basistilskot ved samanslåing

Reduksjon basistilskot i samband med nytt inntektssystem frå 01.01.2017. Kr. 300 mill. blir sett av til kompensasjon for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing i

kommunereformperioden og som får redusert basistilskot i perioden 2017 - 2019. Modell og omfang for kompensasjonsordninga blir lagt fram i statsbudsjettet for 2017. Kompensasjon blir gitt som skjønstilskot i 2017. Kommunar som slår seg saman i kommunereformperioden vil få erstatta bortfall av basis-tilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet i 2016, når samanslåing blir sett i verk. Kompensasjonsordninga i overgangsperioden omfattar reduksjon i basistilskot. Det er førebels ikkje lagt opp til at ordninga omfattar reduksjon i distriktstilskot og småkommunetilskot i overgangsperioden.

#### Tilskot mellomstore kommunar

Kr. 100 mill. blir sett av til mellomstore kommunar som slår seg saman. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing. Departementet vil i statsbudsjettet til hausten gi nærare opplysningar. Ramma på kr. 100 mill. utgjer halvårsverknaden, det vil seie for andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet kr. 200 mill.

#### Infrastrukturtiltak

Stortinget vedtok i statsbudsjettet (2016) ei løyving til fylkesveggar og andre infrastruktur-tiltak i kommunar som slår seg saman, og det blei sett av kr. 50 mill. til denne ordninga.

#### **Veksttilskot**

Veksttilskot blir i 2016 gitt til kommunar som i dei siste tre åra har hatt ein årleg gjennomsnittleg folkevekst høgare enn 1,5 prosent. For 2017 er det framlegg om å redusera vekstgrensa til 1,4 prosent for veksttilskot. Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i veksttilskot.

Det er ikkje framlegg om å la veksttilskotet vere med i grunnlaget for årlege inndelingstilskot i samband med kommunesamanslåing. Dersom ein ny kommune har høg nok vekst i folketalet, vil den oppnå veksttilskot på same måte som andre kommunar.

#### **Selskapsskatt**

Innføring av kommunal selskapsskatt blir utsett. Ei innføring no ville ha kunne gitt større u-visse knytt til inntektene i kommunar med særlege utfordringar i næringslivet. Regjeringa vil kome attende til spørsmålet om selskapsskatt i kommuneproposisjonen for 2018.

#### **Frivilligsentralar**

Ansvar for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2017 gjere framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot.

#### **Vidareføring av noverande inntektssystem**

Noverande inntektssystem blir vidareført for inntektsutjamning, overgangsordning INGAR og telletidspunkt. Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon er 35 prosent under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem, men graden vil kunne bli justert seinare. Det er inntil vidare lagt opp til at kommunane sin skattedel av samla inntekter skal utgjere om lag 40 prosent.

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- per innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriedata, bortfall av småkommunetilskot og nedgang i distriktstilskot.

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for

rammeoverføring i 2017 vil vere 01.07. i 2016. For inntektsutjamninga i 2017 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2017. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2016 for rammeoverføring i 2017.

## **Nytt inntektssystem for kommunane**

### Basistilskot

Basistilskotet er i noverande inntektssystem eit like stort tilskot per kommune for alle kommunar, uavhengig av talet på innbyggjarar.

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet framleis skal vere eit like stort tilskotsbeløp per kommune. Den andre halvdelen av basis-tilskotet vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi. Strukturverdien er avstand i kilometer i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Det blir korrigert for ferjestrekningar.

Ved å gradera halvdelen av basistilskotet på grunnlag av strukturverdi, får kommunar med korte reiseavstandar eit lågare basistilskot enn kommunar med lengre reiseavstandar. Det blir lagt til grunn ein grenseverdi på 25,4 km. ved utrekning av basistilskot. Dersom kommunen sin strukturverdi er 25,4 km. eller høgare, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet bli redusert.

Som følgje av at ein stor del av kommunane i landet får redusert basistilskot, blir sum basistilskot for kommunane samla redusert. Dette frigjer midlar som blir tilbakeførte til kommunane på grunnlag av innbyggjartal. Departementet (KMD) har i førebels utrekning lagt til grunn at denne tilbakeføringa utgjer kr. 243,- per innbyggjar, jf. tabell i kommuneproposisjonen.

Dei kommunane som kjem negativt ut, samanlikna med noverande basistilskot, har ein kombinasjon av låg strukturverdi (korte reiseavstandar) og relativt lågt innbyggjartal. Kommunar med høgt innbyggjartal kjem positivt ut då dei får mykje midlar tilbakeførte av den samla reduksjonen i basistilskot. Fleire kommunar med lågt innbyggjartal kjem også positivt ut av omlegginga fordi dei har så høg strukturverdi (lange reiseavstandar) at dei får liten eller ingen reduksjon i basistilskotet.

Inntektsbortfall frå 2017 som følgje av redusert basistilskot vil bli kompensert i overgangsperioden for kommunar som vedtek å slå seg saman, jf. punkt over om skjønstilskot.

### Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskotet blir gitt til kommunar med over 3200 innbyggjarar og distriktsindeks frå 0 til 46. Skattenivået må vere under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Distriktsindeksen gir uttrykk for distriktsutfordringar gjennom geografi, arbeidsmarknad, inntektsnivå og alderssamansetjing. Jo lågare distriktsindeks, jo større distriktsmessige utfordringar.

Distriktstilskotet blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, gradert på grunnlag av distriktsindeksen. Jo lågare distriktsindeks, jo høgare distriktstilskot både per kommune og per innbyggjar.

I Hordaland får kommunane Etne, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Voss, Kvam og Vaksdal dette distriktstilskotet.

I framlegget er det lagt opp til å gi mindre tilskot per kommune og meir tilskot per innbyggjar. Det vil framleis vere gradering av tilskotet på grunnlag av distriktsindeks. Denne graderinga vil no bli sterkare slik at distriktsutfordringar uttrykt gjennom distriktsindeksen vil gi større

verknad på tilskotsbeløpet enn tidlegare. Kommunar med lågt innbyggjartal vil tape på omlegging, t.d. Ullensvang. Fleire av dei mellomstore kommunane vil tene på omlegging som følge av større del av fordelinga på grunnlag av innbyggjartal. Kommunar med låg distriktsindeks, t.d. Kvinnherad, vil tene meir på omlegging enn kommunar med høgare distriktsindeks, t.d. Voss.

For 2017 vil endelege tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015. Dette kan gi relativt store utslag samanlikna med den førebelse illustrasjonen av verknadene i kommuneproposisjonen.

#### Småkommunetillegg

Dette tilskotet vil erstatta småkommunetilskotet og vil bli som eit distriktstilskot. Noverande småkommunetilskot er for 2016 om lag kr. 5 ½ mill. per kommune. Noverande tilskot blir gitt med same tilskotssats til alle kommunar under 3200 innbyggjarar og skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Det blir ikkje teke omsyn til distriktsutfordringar.

I framlegget er det lagt opp til trekk i tilskotet på grunnlag av distriktsindeksen. Med høgare distriktsindeks, mindre distriktsutfordringar, vil trekk i tilskotet bli større. Vaksdal kommune mottar ikkje småkommunetilskot.

For 2017 vil endelege tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015.

#### Kostnadsnøklane

Departementet har gjennomgått kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Noverande kostnadsnøklar er oppdaterte etter nytt datagrunnlag. Oppdatering blir gjort på grunnlag av statistiske analysar som forklarar skilnader i kostnadene knytte til alderssamansetjing, sosioøkonomiske tilhøve og busetjing m.m. Det blir lagt opp til oppdatering av kostnadsnøklane om lag kvart fjerde år framover. Ein eventuell reduksjon i vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma vil kunne kome tidlegare.

Det blir bl.a. lagt større vekt på kriteria innbyggjarar i aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Dette bidreg til at kommunar med relativt få innbyggjarar i desse aldersgruppene taper, t.d. kommunane Fjell, Askøy og Meland.

Innbyggjarar 90 år og eldre får lågare vekt. Dessutan får landbrukskriteriet noko lågare vekt, delkriteriet areal dyrka mark blir teke ut og delkriteriet jordbruksverksemder blir vekta opp. Dette bidreg til at fleire distriktskommunar i fylket med relativt mange av dei aller eldste innbyggjarane og som tradisjonelt har vore landbrukskommunar taper.

## Hovudliner frå Økonomiplan 2017 – 2020

*Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har*

### Vedtatte langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter : på nivå med landsgjennomsnittet
- Disposisjonsfond minst 10%

Kommunen har mål om eit netto driftsresultat i samsvar med anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat i 2015 var 2,4%. I budsjett 2017 er det lagt opp til netto driftsresultat i % av driftsinntekter på 0,7%.

Pr 2015 er netto lånegjeld i kommunen 51,2% medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare. For å ikkje binde for mykje kapital til renter og avdrag er det behov for at kommunen held fram med ei nøkternt nivå på investeringane. I planperioden vil investeringar som kan redusere driftsnivå i samsvar med reduserte inntekter bli prioritert. Med store prosjekt som Tettaneset og investeringar i skulebygg er likevel investeringsnivået i perioden svært høgt.

Kommunen har i dag disposisjonsfond på 17% som er rekna som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarande premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt. Frå 2014 er netto premieavvik negativt, dvs at utgiftene til nedbetaling av oppsamla premieavvik er større enn tilført premieavvik i året. Desse kostnadene (del av pensjonskostnadene) vil auke i åra som kjem.

### Utfordringar i planperioden

Kommunen står framfor store utfordringar økonomisk i planperioden. Inntektsgrunnlaget vert sterkt svekka dei komande åra og større omstillingar er nødvendige. I planperioden er det venta lav folketalsvekst. Ein større vekst i folketallet noko fram i tid som følgje av veg og bane- utbygginga er eit mål, men vil auke investeringsbehovet. Kommunen slit i dag med eit stort vedlikehaldsetterslep og behov for investeringar. Lånegjelda er aukande og kommunen har store pensjonsforpliktingar i framtida.

#### Lågare inntekter

Inntektssystemet vert lagt om og meir av midlane vert overført vekstkommunar. Vaksdal vert i mindre grad kompensert for smådriftsulemper. Demografiske endringar fører til reduksjon i inntektene. Vaksdal er ein skattesvak kommune med inntekter under snittet, men inntekter knytt til kraftproduksjon vert brukt for å sikre tenestetilbodet til innbyggerane. Desse inntektene er sterkt redusert som følgje av konjunkturar og låge straumprisar. Samla vil endringane krevje store omstillingar og ei rask tilpassing til endra rammevilkår for å halde økonomien i balanse framover.

#### Folketal og demografi

Folketalet i landet aukar og særleg byane veks raskt. SSB legg til grunn middelsvekst for landet framover. Vaksdal har over tid hatt stabilt folketal, i planperioden har vi lagt til grunn litt vekst (lav vekst – alternativet SSB). Det vert færre eldre over 80 år og barn i skulealder dei komande 4 åra og

kommunen må tilpasse tenestene etter endra behov. Etter 2025 stig talet på eldre som i resten av landet.

#### Endra behov og nye krav til tenestene

Eit mål med kommunereforma er å overføre fleire oppgåver til kommunane. Regjeringa la fram oppgåvemeldinga vinteren 2015 (St.meld.14), i tillegg kjem nye oppgåver og krav i andre føringar t.d. primærhelsemeldinga St.meld. 26 (2014-2015). *Gode og likeverdige tenester til innbyggerne* er eit mål i reforma. Vaksdal kommune leverer gode tenester til innbyggerane i dag. Med nye oppgåver og spesialiserte tenester aukar kravet til kompetanse og kapasitet i kommunane. Mindre kommunar må truleg samarbeide med andre om fleire tenester enn i dag. I planperioden er det nødvendig å fokusere på kjerneoppgåvene og dempe forventningane til auka tilbod utover det.

Aktivitetar som bidrar til førebygging, tidlig innsats, eigenmestring og god folkehelse skal prioriterast. Dei mest omfattande endringane skjer innafor helse- og omsorgstenestene gjennom prosjektet *Lev vel i Vaksdal*. Her vil også ny bruk av velferdsteknologi spele ein vesentleg rolle. Kommunen må vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative løysingar.

#### Bustadutvikling, klima og miljø

Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse . Kommunane må førebu seg og førebygga konsekvensar av klimaendringane. Tiltak som reduserer klimautslepp gjennom arealbruk, transportplanlegging og energiøkonomisering i drift av bygg er døme på dette. Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevjande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde. Vaksdal har mykje utpendling i dag og det ligg potensiale for folketalsvekst i raskare og tryggare transportsystem i framtida.

Utbygginga og fortetting i stasjonsbyane er viktig for å realisere vinstane med ny veg og bane. Vaksdal som liten kommune vil ha utfordringar med å skape ei slik utvikling åleine, her er ein avhengig av samarbeid både med nabokommunar og andre offentlege samt private aktørar for å lukkast. Konkurransen med andre område rundt Bergen vil framleis vera stor. Næringslivet i Vaksdal er i utgangspunktet eit relativt lite miljø og det er liten aktivitet innan plan og bygg. Private planar er det få av i kommunen og kommunen har til no ikkje vore attraktiv nok for private utbyggerar. Utbygginga på Tettaneset på Stangehelle er i så måte spanande for å måle interessa frå slike prosjekt i kommunen.

#### Fortsatt høgt investeringsnivå

I planperioden vil investeringar som kan redusere driftsnivå i samsvar med reduserte inntekter bli prioritert. Med store prosjekt som Tettaneset og ny skule på Dale er likevel investeringsnivået i perioden svært høgt. Endringane i helse og omsorg vil også krevje investeringar i perioden.

Samtidig som vedlikehaldsstrategien skal leggast til grunn for arbeidet med verdibevaring, må utgiftene tilpassast det økonomiske handlingsrommet. Det er ikkje lagt inn ekstraordinære midlar til vedlikehald i planperioden, men rådmann vil fremje ei sak i samband med budsjettprosessen for 2017. Finansiering av verdibevaring for heile bygningsmassen må skje over fleire periodar.

#### Digitalisering og innovasjon

Vaksdal skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysingar. Auka digitalisering er eit viktig satsingsområde både nasjonalt (St.meld. 27, 2016) og lokalt. Innbyggerane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover.

### Endringar for tilsette

Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettrammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Dette vil krevje tilstrekkeleg leiarkraft, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa. Det vil også vera behov for justeringar i organiseringa, t.d. vil det vera naturleg å tilpasse organiseringa i helse og omsorg i samsvar med Lev Vel – prosjektet.

Sjølv om reduksjon i antall årsverk så langt som mogeleg skal skje gjennom naturleg avgang og utan oppseiingar, vil mange kunne få endring i arbeidssituasjonen. Rådmann vil legge til rette for så gode løysingar som mogeleg for dei som vert råka.

### Endringar i inntekter og utgifter


I økonomiplanen 2017-2020 er det lagt til grunn endringar som vist i tabell under:

|  | Øk.plan-2017  | Øk.plan-2018   | Øk.plan-2019   | Øk.plan-2020   |
|--|---------------|----------------|----------------|----------------|
| Endra inntektssystem                       | -1 200        | -1 200         | -1 200         | -1 200         |
| Andre endringar inntektssystem             | -1 000        | -1 000         | -1 000         | -1 000         |
| Endra kostnadsveker                        | -700          | -700           | -700           | -700           |
| Endra eigedomsskatt                        | -2 000        | -3 000         | -4 000         | -4 000         |
| Endra inntekter frå sal av konsesjonskraft | -2 000        | -2 000         | -2 000         | -2 000         |
| Endra finansinntekter                      | -1 000        | -1 000         | -1 000         | -1 000         |
| Endra renter/avdrag                        | -1 800        | -6 300         | -10 500        | -14 600        |
| <b>Sum</b>                                 | <b>-9 700</b> | <b>-15 200</b> | <b>-20 400</b> | <b>-24 500</b> |

Endringar er vist i forhold til budsjett 2016. Etter nye opplysningar frå BKK kan vi forvente at utviklinga knytt til eigedomsskatt for vasskraftverk vil verte ytterlegare endra mot 2020. Reduksjonen i venta eigedomsskatt vert mykje større enn tidlegare antatt.


Det vert ikkje budsjettert med overskot frå sal av konsesjonskraft i økonomiplanperioden.

Vaksdal kommune har over tid hatt inntekter frå aksjar, obligasjonar, premieavvik og premiefond som har medført overskot på botnlinja.





Vaksdal kommune har i løpet av dei 10 siste åra hatt følgjande utvikling i netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter.



Når vi ser desse 2 oversiktane/grafane opp mot kvarandre ser vi at netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter er avhengig av inntekter frå aksjar, obligasjonar, premieavvik og premiefond.

## Fordeling av rammer i økonomiplan

Rammer vedtekne i økonomiplan 2017-2020 gir følgjande fordeling pr tenesteområde.

|                   | Bud-2016 | Øk.plan-2017 | Øk.plan-2018 | Øk.plan-2019 | Øk.plan-2020 |
|-------------------|----------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Felles            | 26 100   | 25 000       | 24 500       | 23 900       | 23 300       |
| Oppvekst          | 69 800   | 69 200       | 67 100       | 66 500       | 64 400       |
| Helse og omsorg   | 122 800  | 118 100      | 114 400      | 110 200      | 108 300      |
| Samfunnsutvikling | 40 100   | 38 200       | 38 100       | 38 000       | 37 800       |
| Sum               | 258 800  | 250 500      | 244 100      | 238 600      | 233 800      |
| Endring           |          | -8 300       | -14 700      | -20 200      | -25 000      |

Under behandling av økonomiplan 2017-2020 vart er det gjort følgjande vedtak: «Det vert avsett kr 500.000,- kvart år i økonomiplanperioden til «Aksjon sjukefråver». Mandat for bruk av midlane vert utarbeidd av AMU.» Finansiering av dette vert gjort ved å trekke ut forholdsmessig del av rammene som vert gitt til tenesteområda, og samla på «Felles».

Det er trekt ut overskot frå sal av konsesjonskraft frå «Felles» (2,055 mill), då det er føresett at denne skal budsjetterast utan netto gevinst. Tilskot til Frivilligsentral er også trekt ut (0,31 mil). Tilskot til Frivilligsentraler vert finansiert over rammetilskotet. Dette aukar ramma til «Felles» med 2,365 mill. Samla overføring frå driftsbudsjett til investeringsbudsjett er sett til 2 mill. 0,96 mill er ført inn i driftsbudsjettet til Samfunnsutvikling til styrking av vedlikehald i 2017.

Dette gir følgjande ramme for tenesteområda.

|                   | Bud-2016 | Øk.plan-2017 | Øk.plan-2018 | Øk.plan-2019 | Øk.plan-2020 |
|-------------------|----------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Felles            | 26 100   | 27 813       | 27 313       | 26 713       | 26 113       |
| Oppvekst          | 69 800   | 69 062       | 66 963       | 66 361       | 64 262       |
| Helse og omsorg   | 122 800  | 117 864      | 114 166      | 109 969      | 108 068      |
| Samfunnsutvikling | 40 100   | 39 081       | 38 979       | 38 877       | 38 676       |
| Sum               | 258 800  | 253 820      | 247 420      | 241 920      | 237 120      |
| Endring           |          | -4 980       | -11 380      | -16 880      | -21 680      |

## Budsjett 2017

Økonomiplanen er retningsgjevande for årsbudsjettet. Føresetnader med inntekter og utgifter er oppdatert basert på inntektssystemet, folketal pr 1.7 og andre endringar. Inntektssida i budsjettet for 2017 er svekka ytterlegare både gjennom inntektssystemet og egne inntekter.



### Nytt inntektssystem

Dei samla frie inntektene (rammetilskot og skatt) for Vaksdal kommune vert anslått til 240,3 mill i 2017. Nedgang i folketal, endra kriteriedata for kommune, ny kostnadsnøkkel og svak skatteutvikling medfører ein reduksjon i frie inntekter for kommunen frå 2016. Justert for endra ressursinnsats, auka pensjonskostnader, løns- og prisvekst betyr dette strammare rammer og trong for omstilling i 2017 og åra frametter.

Folketal pr 1.juli 2016 ligg til grunn for rammetilskotet neste år. Vaksdal kommune hadde 1.juli i år 4114 innbyggjarar, mot 4096 pr 01.07.15. I denne perioden er aldersgruppene 2-5 år redusert med 15 personer, 80 år og eldre er redusert med 23 personer.

Rammetilskot og utgiftsutjamning utgjer 133 mill og skatt inkl. inntektsutjamning utgjer 107,3 mill.

I budsjett 2017 er modellen utarbeidd av KS nytta. Det er lagt til grunn ein nasjonal vekst på 3,5 mrd, noko som er i nedre del av den signaliserte realveksten. Det kan kome endringar i statsbudsjettet.

Vaksdal kommune mottar ikkje i dag andre skjønsmidler enn dei som vert tildelt gjennom Fylkesmannen. Det er signalisert at større del av skjønsmidler skal fordelast til kommunar som har slått seg saman, og at det ikkje vil verte kompensert for frivillige smådriftsulemper. Vi nedjusterer difor anslaget til skjønsmilder frå kr 900.000,- i 2016 til kr 300.000,- i 2017.


Det er usikker korleis endring knytt til tildeling av frivilligsentraler vil slå ut for kommunane i 2017. Endringa med innlemming i rammetilskotet er eit signal på at dette er oppgåver som er forventa løyst gjennom den ordinære tildelinga. Vaksdal kommune får i 2016 kr 310.000,- til Frivilligsentral. For 2017 er finansieringa del av rammetilskotet og driftstilskotet må løyvast særskilt av kommunen.

Innføring av det graderte basistilskotet gir ein inntektsreduksjon på kr 1,18 mill for Vaksdal kommune. Reduksjon av distriktstilskot utgjer ein reduksjon på kr 151.000,-, det kan kome endringar i statsbudsjettet. Endring av kostnadsnøklane gir kommunen ei inntektsreduksjon på 1,25 mill.


Oppdaterte folketal pr aldersgruppe lagt inn, men øvrige kriteriedata er ikkje endra. Alderskriteria har stor forklaringskraft i modellen, og vi ventar ikkje store endringar som følgje av endeleg fastsette kriteriedata. Utgiftsutjevninga vert mindre for Vaksdal kommune, då kostnadsindeksen vert redusert frå 1,18 til 1,16.

## Prognose folketal

I økonomiplan 2017-2020 er det lagt til grunn lav vekst i folketal. For dei ulike aldersgruppene er det forventede følgjande endringar mot slutten av planperioden og fram mot 2026:



Dei relative endringane i aldersgruppene seier oss noko om endringar i tenestebehov og tenesteproduksjon i åra som kjem:



Prognosen viser at det er aldersgruppa 67-79 år som vil få størst vekst fram mot 2020 og 2026. Dersom vi ser på dei ulike aldersgruppene som får mest direkte tenester er det følgjande utvikling i folketalet:

- Barnehage: Prognosar antal born i aldersgruppa 1-5 år. Det er venta auke i planperioden, og deretter svak vekst fram mot 2026.
- Grunnskule: Prognosar antal born i aldersgruppa 6-15 år. I planperioden og mot 2026 er det venta svak nedgang.
- Eldreomsorg: Det er aldersgruppa 67-79 som aukar, medan det er forventta reduksjon i aldersgruppene over 80 år. Størstedelen av mottakarar av heimetenester og bebuarar på institusjon er i aldersgruppa over 80 år, samla viser aldersgruppene over 80 år reduksjon fram mot 2026.

Nasjonalt er det forventta større vekst innan dei fleste aldersgruppene, og med desse endringane vil kommunen få redusert utgiftsutjamning som følgje av redusert ressursbehov. Dette synleggjer behovet for rask tilpassing til endra rammevilkår for å halde økonomien i balanse framover.


## Andre inntekter

### **Eigedomsskatt**

Etter Økonomiplan 2017-2020 er det er lagt til grunn ein reduksjon i eigedomsskatt på verk og bruk på 2 mill frå budsjett 2016. Redusert skattegrunnlag for kraftverka er hovudårsaken, men det er usikkert om inntektsgrunnlaget vert ytterlegare redusert. Omtaksering av større anlegg kan medføre ytterlegare reduksjon i eigedomsskatten og foreslått endring i grunnrenta i statsbudsjettet fører til større skatteandel til staten og redusert andel til kommunane.

Sats for eigedomsskatt for private hus og fritidsbustader vert auka med 2 promille og utgjer ei auke på 4 mill. Av dette går 2 mill til styrking av drifta og 2 mill vert overført frå driftsbudsjett til investeringsbudsjett og demping av låneopptak. I budsjett 2017 er det lagt opp til opprinneleg reduksjon i eigedomsskatt frå verk og bruk.

Omsetning siste 5 år ligg til grunn for eigedomsskatt. Føresetnadene som ligg inne i økonomiplanen er basert på BKK sine tidlegare prognoser vurdert opp mot siste utvikling i kraftmarknaden. Prognose frå BKK viser at det ikkje kan forventast reduksjon frå 2016-nivået i 2017, men vi frametter vil sjå store reduksjonar i eigedomsskatten for vasskraftverk. Endringa vil vere svært tydeleg frå 2018, med ein reduksjon på over 4 mill. Fram mot 2020 kan vi forvente ein reduksjon på over 30%, noko som medfører ein reduksjon på over 8 mill samanlikna med 2016. I 2023 vil det vere ein reduksjon på over 50% reduksjon i 2023, noko som betyr reduserte inntekter på over 11 mill.




#### Sal av konsesjonskraft

Kommunen har konsesjonskraft som vert seld i kraftmarknaden. I økonomiplanen er det lagt til grunn at det ikkje vert overskot ved sal av konsesjonskraft grunna forventa låge salsprisar og auka innmatingsavgift.

Sal av konsesjonskraft siste år synleggjer også kva eigedomsskatt frå vasskraftverk som kan forventast i dei nærmaste åra.

I samsvar med vedtak vert det i samband med budsjettsaka lagt fram ei sak om framtidig bruk av ev inntekter frå sal av konsesjonskraft.



#### Konsesjonsavgift

Inntekter frå konsesjonsavgift er om lag 3,1 mill i 2016, og vert overført til bundne fond. Føremålet med konsesjonsavgifta er både å gje kommunane ein del av verdiane som blir skapt ved utbygginga og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte. Det er NVE som bereknar avgifta som kraftverkseigarane må betale til kommunane. Midlande vert brukt til lokal næringsutvikling (VNS) og ulike stimuleringstilskot.

#### Inntekter frå fond

Frå Næringsfondet tek vi inn samla 1.675.000,-. Til drift av Vaksdal Næringssekskap går 1 mill, kr 300.000,- går til etableringstilskot og kr 375.000,- går til renter og avdrag.

**Renteinntekter og utbytte**

BKK har tidlegare varsla at utbytte vert redusert frå tidlegare år, og at vi kan leggje til grunn samla utbytte på 400 mill i 2017. Ut frå kommunens eigarbrøk på 0,37% vert dette omlag 1,5 mill. I tillegg har kommunen utbytte frå Modalen/Eksingedalen Billag, Bir og Gjensidige på om lag 0,5 mill årleg. Renteinntekter vert om lag 0,7 mill.

**Avkastning på verdipapir - Aksjar og obligasjonar**

Pr 31.08.2016 er kommunen sin portefølje samla 88,5 mill. Aksjar har hatt noko lavare avkastning sidan 2014 og det er uvisse i marknaden for tida. Prognosane framover i perioden er usikre og avheng av fleire faktorar som t.d. storleiken på eigen portefølje og utviklinga i verdensøkonomien. I økonomiplan 2017-2020 er det lagt til grunn at det ikkje skal budsjetterast med avkastning på verdipapir.

Pr 31.08.2016 er porteføljen sett saman slik:

| AKTIVAKLASSE            | MARKEDSVERDI NOK  | I PROSENT       |
|-------------------------|-------------------|-----------------|
| Bankinnskudd            | 2 882 327         | 3,25 %          |
| Sertifikat/obligasjoner | 72 967 533        | 82,37 %         |
| Aksjer                  | 12 731 263        | 14,37 %         |
| <b>Totalt</b>           | <b>88 581 123</b> | <b>100,00 %</b> |

**Brukarbetaling og gebyrinntekter**

Vatn- avlaup og renovasjon (VAR) er sjølvkostområde og gebyra skal dekke utgiftene. Satsane for gebyr innafor VAR-området vert lagt fram saman med budsjettsaka.

**Utgifter****Renter og avdrag**

Renter og avdrag er budsjettert ut frå investeringsbudsjett 2017. Renteutgiftene er budsjettert med eit rente på 2,45% i 2016, i resten av planperioden er lagt til grunn ei rente på 4%. Lavt rentenivå kan forventast i 2017, og kommunen har ein kombinasjon av faste og flytande renter som gjer oss lavare renter enn tidlegare år.

Ny Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finans- og gjeldsforvaltning er foreslått sett i verk frå 01.01.2017. Hovudelementa i den foreslåtte endringa er at kommunens finansreglement skal innehalde bestemmelser som hindrar kommunen å ta vesentleg finansiell risiko, herunder refinansieringsrisiko ved opptak av lån. Vidare vert det endringar i krav til rapportering frå administrasjon til kommunestyre. Forslag til ny forskrift inneber at det ikkje vert gjort noko med dei grunnleggjande prinsippa i dagens regelverk, og kommunane skal framleis kunne ta opp sertifikatlån. Ny forskrift vil kunne medføre endring i risiko og dermed også endring i renter.

**Overført frå drift til investering**

Det vert overført 2 mill frå drift til investering for å redusere låneopptak tilsvarande. Kommunen har i dag ei lånegjeld som ved utgangen av 2015 utgjer 51,2% av brutto driftsinntekter. Kommunen klarar ikkje å halde seg under målsetjinga på 50%, og det er viktig å bruke meir av driftsmidlane til å finansiere investeringane. Denne overføringa frå drift gjer at renter og avdrag vert redusert med om lag 0,15 mill årleg over heile lånets løpetid (20-25 år).

## Skjema

**Budsjettskjema 1A – drift** gir ei samla oppstilling av frie disponible inntekter, renter og avdrag, avsetningar, og kva som er fordelt til investering og drift.

| Budsjettskjema 1A - drift                       | Regnskap 2015  | Budsjett 2016  | Budsjett 2017  |
|---|----------------|----------------|----------------|
| Skatt på inntekt og formue                      | 95 145         | 95 000         | 98 700         |
| Ordinært rammetilskudd                          | 142 298        | 146 000        | 141 627        |
| Skatt på eiendom                                | 34 329         | 32 000         | 34 000         |
| Andre direkte eller indirekte skatter           | 3 353          | 3 150          | 3 100          |
| Andre generelle statstilskudd                   | 2 947          | 2 870          | -              |
| <b>Sum frie disponible inntekter</b>            | <b>278 073</b> | <b>279 020</b> | <b>277 427</b> |
| Renteinntekter og utbytte                       | 2 912          | 2 700          | 2 720          |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 4 540          | 1 000          | -              |
| Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.        | 6 467          | 7 704          | 8 202          |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)     | 4 318          | -              | -              |
| Avdrag på lån                                   | 12 079         | 13 800         | 14 700         |
| <b>Netto finansinnt./utg.</b>                   | <b>-15 411</b> | <b>-17 804</b> | <b>-20 182</b> |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk   | -              | -              | -              |
| Til ubundne avsetninger                         | 210            | 1 200          | -              |
| Til bundne avsetninger                          | 3 654          | 3 100          | 3 100          |
| Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk       | 280            | 1 479          | -              |
| Bruk av ubundne avsetninger                     | 20             | -              | -              |
| Bruk av bundne avsetninger                      | 1 391          | 1 675          | 1 675          |
| <b>Netto avsetninger</b>                        | <b>-2 173</b>  | <b>-1 146</b>  | <b>-1 425</b>  |
| Overført til investeringsbudsjettet             | 6 630          | 957            | 2 000          |
| Til fordeling drift                             | 253 858        | 259 113        | 253 820        |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)           | 252 379        | 259 113        | 253 820        |
| <b>Mer/mindreforbruk</b>                        | <b>1 479</b>   | <b>-</b>       | <b>-</b>       |

**Budsjettskjema 1B – driftsbudsjettet** viser nettoløyving per rammeområde. Skjemaet er utgangspunkt for økonomistyringa.

| Budsjettskjema 1B               | Regnskap 2015  | Budsjett 2016  | Budsjett 2017  |
|---------------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Fellesområde Økonomi            | 20 811         | 26 110         | 27 813         |
| Tenestoområde Helse og omsorg   | 129 277        | 122 815        | 117 864        |
| Tenestoområde oppvekst          | 75 321         | 70 108         | 69 062         |
| Tenestoområde Samfunnsutvikling | 26 970         | 40 081         | 39 081         |
| <b>Sum</b>                      | <b>252 379</b> | <b>259 113</b> | <b>253 820</b> |

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter er budsjettert til 0,7% i 2017

Vaksdal kommune Budsjett 2017

| <b>Økonomisk oversikt - drift</b>                  | <b>Regnskap 2015</b> | <b>Budsjett 2016</b> | <b>Budsjett 2017</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|
| Driftsinntekter                                    |                      |                      |                      |
| Brukerbetalinger                                   | 18 480               | 16 763               | 16 578               |
| Andre salgs- og leieinntekter                      | 24 211               | 26 918               | 22 110               |
| Overføringer med krav til motytelse                | 45 792               | 33 660               | 32 112               |
| Rammetilskudd                                      | 142 298              | 146 000              | 141 627              |
| Andre statlige overføringer                        | 13 900               | 11 528               | 10 715               |
| Andre overføringer                                 | 17 572               | 12 405               | 10 350               |
| Skatt på inntekt og formue                         | 95 145               | 95 000               | 98 700               |
| Eiendomsskatt                                      | 34 329               | 32 000               | 34 000               |
| Andre direkte og indirekte skatter                 | 3 353                | 3 150                | 3 100                |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                         | <b>395 081</b>       | <b>377 424</b>       | <b>369 293</b>       |
| Driftsutgifter                                     |                      |                      |                      |
| Lønnsutgifter                                      | 200 824              | 193 600              | 188 865              |
| Sosiale utgifter                                   | 59 785               | 66 729               | 63 464               |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon     | 61 687               | 55 329               | 59 695               |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon      | 37 274               | 28 879               | 29 713               |
| Overføringer                                       | 20 118               | 20 546               | 15 686               |
| Avskrivninger                                      | 16 099               | 16 000               | 16 000               |
| Fordelte utgifter                                  | -9 583               | -4 790               | -10 746              |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                          | <b>386 206</b>       | <b>376 292</b>       | <b>362 677</b>       |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                       | <b>8 875</b>         | <b>1 132</b>         | <b>6 616</b>         |
| Finansinntekter                                    |                      |                      |                      |
| Renteinntekter og utbytte                          | 2 912                | 2 700                | 2 720                |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 4 540                | 1 000                | -                    |
| Mottatte avdrag på utlån                           | 62                   | 30                   | 60                   |
| <b>Sum eksterne finansinntekter</b>                | <b>7 513</b>         | <b>3 730</b>         | <b>2 780</b>         |
| Finansutgifter                                     |                      |                      |                      |
| Renteutgifter og låneomkostninger                  | 6 467                | 7 704                | 8 202                |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)     | 4 318                | -                    | -                    |
| Avdrag på lån                                      | 12 079               | 13 800               | 14 700               |
| Utlån  | 125                  | -                    | -                    |
| <b>Sum eksterne finansutgifter</b>                 | <b>22 988</b>        | <b>21 504</b>        | <b>22 902</b>        |
| <b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>       | <b>-15 475</b>       | <b>-17 774</b>       | <b>-20 122</b>       |
| Motpost avskrivninger                              | 16 099               | 16 000               | 16 000               |
| <b>Netto driftsresultat</b>                        | <b>9 500</b>         | <b>-642</b>          | <b>2 494</b>         |
| Interne finanstransaksjoner                        |                      |                      |                      |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk      | 280                  | 1 479                | -                    |
| Bruk av disposisjonsfond                           | 20                   | -                    | -                    |
| Bruk av bundne fond                                | 5 162                | 4 490                | 2 681                |
| <b>Sum bruk av avsetninger</b>                     | <b>5 462</b>         | <b>5 969</b>         | <b>2 681</b>         |
| Overført til investeringsregnskapet                | 6 630                | 957                  | 2 000                |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk      | -                    | -                    | -                    |
| Avsatt til disposisjonsfond                        | 1 810                | 1 200                | -                    |
| Avsatt til bundne fond                             | 5 043                | 3 170                | 3 175                |
| <b>Sum avsetninger</b>                             | <b>13 482</b>        | <b>5 327</b>         | <b>5 175</b>         |
| <b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>           | <b>1 479</b>         | <b>-</b>             | <b>-</b>             |



## Investeringar

Gjeldane investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Budsjett 2017 er sett opp i samsvar med vedteken Økonomiplan 2017-2020, I tillegg er vedtatt moglegheitstudie for Bergsdalen lagt til slik at ramme er auka med 400 000 kroner til 64,65 millionar kroner.

### Tiltak på investeringsplanen 2017

Av større tiltak i perioden kan nemnast investeringar innan skulebygg, helse og omsorg samt tilrettelegging for bustadbygging.

Generell pott til investeringar i kyrkja og midlar til IKT-investeringar/digitalisering er vidareført.

### Helse og omsorg

Det er lagt inn 8 mill kroner til prosjektet for omlegging av helse- og omsorgstenestene og ombygging. Det er aktuelt å nytte Husbanken sine låne- og tilskotsordningar til dette prosjektet.

### Oppvekst

Det er dokumentert eit stort etterslep på for skulebygg, spesielt gjeld dette Dale barne- og ungdomskule som har lågaste tilstandsgrad. Det er sett av midlar til planlegging av ny barne og ungdomskule på Dale samt forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule. I samband med etablering av oppveksttun ved Stamnes skule er det sett av midlar til sikring og opprusting av uteområde, nytt tilbygg med gardarobbar samt ombygging. Vidare er det sett av midlar til utbetring av ventilasjon i Dale barnehage. Generell pott til opprusting av uteområde er vidareført.

### Samfunnsutvikling

Investeringsramme for vedlikehaldsetterslepet i kommunale bygg er budsjettert med 10 mill kroner. Desse er disponert med 2 mill kroner til oppgradering av kommunale utleigebustader. Ombygginga til samlokalisering av Folkehelse og familie er planlagt gjennomført i 2017. Fyrste runde med tilstandsregistrering vert fullført i 2017 med dokumentasjon av administrasjonsbygga. Det er sett av 3,9 mill. kroner oppgradering av andre bygg, i hovudsak brannsprinkling av dei eldste omsorgsbustadane i Daletunkvartalet.

Det er sett av 2 mill kroner til prosjektering av fyrste byggetrinn av bustader på tomten til tidlegare Jamne barnehage. I fyrste byggetrinn er planlagt eit bygg med 7 kommunale utleigebustader med tilskot frå Husbanken. Prosjektet er tenkt utført som totalentreprise basert på utført forprosjekt.

Det er sett av 19,2 mill kroner for infrastruktur til Stanghelle vest/Tettaneset under føresetnad av at ein får på plass ein utbyggingsavtale med entreprenør. Rådmannen vil peika på moglegheiter for raskare realisering av potensiale for bustadutbygging gjennom fortetting og ombygging av eksisterande bygg. Arealeffektivisering i kommunale bygg kan frigjere areal og legge til rette for sal av kommunale bygg som vil gje inntekter i perioden.

Samferdsel og rastiltak er vidareført i 2017 med nokre justeringar i av einiskilde tiltak.

For plan og geodata er det sett av 0,8 mill kroner til digitalisering av manuelt kart- og byggesaksarkiv slik at dei vert tilgjengeleg for innbyggjarane. Det er sett av 1 mill kroner til kjøp av tenester i samband med områdeplan for Vaksdal og same beløp for områdeplan Stanghelle. I tillegg er det sett av 400 000 kroner til moglegheitstudie for Bergsdalen.

For Brannvern er det sett av midlar til ny feiebil samt forprosjekt for ny brannstasjon på Vaksdal. Forprosjekt for ny brannstasjon vert å utføre mot slutten av 2017 då ein må vente på avklaring med omsyn til løysingar for ny veg og bane.

Vaksdal kommune Budsjett 2017

Innan vatn og avlaup (sjølvkost) er avløpssanering Vaksdal lagt inn. Vidare er det lagt inn midlar til sanering av utsepp på Stanghelle og oppgradering av Dalevågen avløpsreinseanlegg. Desse prosjekta er forseinka grunna kapasitet internt.

| KAPITALBUDSJETT   | ØPL. 2017         | ØPL. 2018          | ØPL. 2019          | ØPL. 2020          |
|---|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| <b>FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT</b>                |                   |                    |                    |                    |
| Ikt- og datasikkerheitsløysing                              | 1 200 000         | 1 200 000          | 1 200 000          | 1 200 000          |
| Kyrkja - investering  | 200 000           | 200 000            | 200 000            | 200 000            |
| <b>HELSE OG OMSORG</b>                                      |                   |                    |                    |                    |
| <b>Prosjekt Demenssenter/helsehus</b>                       |                   | 8 000 000          | 8 000 000          | 8 000 000          |
| Prosjekt Demenssenter/helsehus - utstyr                     | 2 000 000         |                    |                    |                    |
| Prosjekt Demenssenter/helsehus -bygg                        | 6 000 000         |                    |                    |                    |
| Prosjekt: Innovasjon i omsorg                               | 300 000           | 300 000            | 300 000            | 300 000            |
| <b>OPPVEKST</b>   |                   |                    |                    |                    |
| <b>Investeringar bygg for oppvekst</b>                      |                   | 75 000 000         | 75 000 000         | 75 000 000         |
| Dale barne- og ungdomsskule                                 | 3 500 000         |                    |                    |                    |
| Tilbygg Vaksdal skule                                       | 1 500 000         |                    |                    |                    |
| Stamnes oppveksstun   | 4 000 000         |                    |                    |                    |
| Ventilasjon Dale barnehage                                  | 1 000 000         |                    |                    |                    |
| <b>Opprusting uteområde skular/barnehagar</b>               | 200 000           | 200 000            | 200 000            | 200 000            |
| <b>SAMFUNNSUTVIKLING</b>                                    |                   |                    |                    |                    |
| <b>Investeringar kommunale bygg</b>                         |                   | 5 000 000          | 5 000 000          | 5 000 000          |
| Ombygging/oppgradering kommunale utleigebustader            | 2 000 000         |                    |                    |                    |
| Folkehelse og familie – samlokalisering heradshus           | 700 000           |                    |                    |                    |
| Bustader Jamne  | 2 000 000         |                    |                    |                    |
| Tilstandsregistrering administrasjonsbygg                   | 600 000           |                    |                    |                    |
| Andre bygg  | 3 900 000         |                    |                    |                    |
| <b>Stanghelle vest - Tettanaset bustadområde</b>            | 19 200 000        | 0                  | 0                  | 9 500 000          |
| <b>Møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø /trafikksikring</b> |                   | 500 000            | 500 000            | 500 000            |
| Møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø /                      | 300 000           |                    |                    |                    |
| Trafikksikringstiltak                                       | 200 000           |                    |                    |                    |
| <b>Samferdsel og rastiltak</b>                              |                   | 1 550 000          | 350 000            | 1 150 000          |
| Teknisk stasjon maskiner/utstyr                             | 1 800 000         |                    |                    |                    |
| Opprusting kaier  | 450 000           |                    |                    |                    |
| Prosjekt rassikring:  | 150 000           |                    |                    |                    |
| Oppgradering kommunale vegar                                | 200 000           |                    |                    |                    |
| Oppgradering kommunale bruer                                | 450 000           |                    |                    |                    |
| <b>Plan og geodata</b>                                      |                   | 700 000            | 700 000            | 200 000            |
| Digitalisering arkiv  | 800 000           |                    |                    |                    |
| Moglegheitsstudie Bergsdalen                                | 400 000           |                    |                    |                    |
| Områdeplan Vaksdal  | 1 000 000         |                    |                    |                    |
| Områdeplan Stanghelle                                       | 1 000 000         |                    |                    |                    |
| <b>Brannvern</b>  |                   | 4 000 000          | 0                  | 0                  |
| Forprosjekt brannstasjon Vaksdal                            | 100 000           |                    |                    |                    |
| Feiebil, sjølvkost  | 500 000           |                    |                    |                    |
| <b>Vassforsyning, sjølvkost</b>                             |                   | 1 500 000          | 1 500 000          | 1 500 000          |
| Fornyng av vassleidningsnett                                | 1 500 000         |                    |                    |                    |
| <b>Avlaup, sjølvkost</b>                                    |                   | 7 500 000          | 9 500 000          | 1 500 000          |
| Fornyng av leidningsnett og pumpestasjonar                  | 1 500 000         |                    |                    |                    |
| Avløpssanering Vaksdal                                      | 5 000 000         |                    |                    |                    |
| Oppgradering Dalevågen avløpsreinseanlegg                   | 500 000           |                    |                    |                    |
| Avløpssanering Stanghelle                                   | 500 000           |                    |                    |                    |
| <b>SUM INVESTERINGAR</b>                                    | <b>64 650 000</b> | <b>105 650 000</b> | <b>102 450 000</b> | <b>104 250 000</b> |

## Finansiering

Pr 31.12.2016 vil Vaksdal kommune ha om lag 287,5 mill i lånegjeld.

Investeringsrekneskapen er budsjettert med tal inkl MVA. Momskompensasjon for investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen, og påverkar ikkje drifta i 2017. Det er rekna inn 12,9 mill i momskompensasjon. Overført frå drift utgjer 2 mill og bruk av fond er 5 mill. Dette reduserer låneopptak tilsvarande.

**Budsjettskjema 2A – investering** viser summen av investeringane og korleis dei er finansiert.


| Budsjettskjema 2A - investering        | Regnskap 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Investeringer i anleggsmidler          | 29 241        | 77 843        | 64 650        |
| Utlån og forskutteringer               | 3 123         | 2 000         | 2 000         |
| Kjøp av aksjer og andeler              | 8 100         | -             | -             |
| Avdrag på lån                          | 2 303         | 1 400         | 1 400         |
| Dekning av tidligere års udekket       | -             | -             | -             |
| Avsetninger                            | 3 681         | -             | -             |
| <b>Årets finansieringsbehov</b>        | <b>46 448</b> | <b>81 243</b> | <b>68 050</b> |
| Finansiert slik:                       |               |               |               |
| Bruk av lånemidler                     | 21 808        | 63 093        | 43 720        |
| Inntekter fra salg av anleggsmidler    | 3 391         | 3 000         | 3 000         |
| Tilskudd til investeringer             | 2 017         | -             | -             |
| Kompensasjon for merverdiavgift        | 4 454         | 12 793        | 12 930        |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 2 650         | 1 400         | 1 400         |
| Andre inntekter                        | 315           | -             | -             |
| <b>Sum ekstern finansiering</b>        | <b>34 635</b> | <b>80 286</b> | <b>61 050</b> |
| Overført fra driftsbudsjettet          | 6 630         | 957           | 2 000         |
| Bruk av tidligere års udisponert       | -             | -             | -             |
| Bruk av avsetninger                    | 5 184         | -             | 5 000         |
| <b>Sum finansiering</b>                | <b>46 448</b> | <b>81 243</b> | <b>68 050</b> |
| <b>Udekket/udisponert</b>              | <b>-</b>      | <b>-</b>      | <b>-</b>      |

| <b>Økonomisk oversikt - investering</b>        | <b>Regnskap 2015</b> | <b>Budsjett 2016</b> | <b>Budsjett 2017</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|
| Inntekter                                      |                      |                      |                      |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom           | 3 391                | 3 000                | 3 000                |
| Andre salgsinntekter                           | 315                  | -                    | -                    |
| Overføringer med krav til motytelse            | 512                  | -                    | -                    |
| Kompensasjon for merverdiavgift                | 4 454                | 12 793               | 12 930               |
| Statlige overføringer                          | 2 017                | -                    | -                    |
| Andre overføringer                             | -                    | -                    | -                    |
| Renteinntekter og utbytte                      | -                    | -                    | -                    |
| <b>Sum inntekter</b>                           | <b>10 688</b>        | <b>15 793</b>        | <b>15 930</b>        |
| Utgifter                                       |                      |                      |                      |
| Lønnsutgifter                                  | 106                  | -                    | -                    |
| Sosiale utgifter                               | 28                   | -                    | -                    |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 21 967               | 77 643               | 64 450               |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon  | -                    | -                    | -                    |
| Overføringer                                   | 4 972                | 200                  | 200                  |
| Renteutgifter og omkostninger                  | -                    | -                    | -                    |
| Fordelte utgifter                              | 2 169                | -                    | -                    |
| <b>Sum utgifter</b>                            | <b>29 241</b>        | <b>77 843</b>        | <b>64 650</b>        |
| Finansransaksjoner                             |                      |                      |                      |
| Avdrag på lån                                  | 2 303                | 1 400                | 1 400                |
| Utlån  | 3 123                | 2 000                | 2 000                |
| Kjøp av aksjer og andeler                      | 8 100                | -                    | -                    |
| Dekning av tidligere års udekket               | -                    | -                    | -                    |
| Avsatt til ubundne investeringsfond            | 2 042                | -                    | -                    |
| Avsatt til bundne investeringsfond             | 1 639                | -                    | -                    |
| <b>Sum finansieringstransaksjoner</b>          | <b>17 207</b>        | <b>3 400</b>         | <b>3 400</b>         |
| <b>Finansieringsbehov</b>                      | <b>35 761</b>        | <b>65 450</b>        | <b>52 120</b>        |
| Dekket slik:                                   |                      |                      |                      |
| Bruk av lån                                    | 21 808               | 63 093               | 43 720               |
| Salg av aksjer og andeler                      | -                    | -                    | -                    |
| Mottatte avdrag på utlån                       | 2 139                | 1 400                | 1 400                |
| Overført fra driftsregnskapet                  | 6 630                | 957                  | 2 000                |
| Bruk av tidligere års udisponert               | -                    | -                    | -                    |
| Bruk av disposisjonsfond                       | 1 900                | -                    | -                    |
| Bruk av bundne driftsfond                      | 1 017                | -                    | -                    |
| Bruk av ubundne investeringsfond               | 2 267                | -                    | 5 000                |
| Bruk av bundne investeringsfond                | -                    | -                    | -                    |
| <b>Sum finansiering</b>                        | <b>35 761</b>        | <b>65 450</b>        | <b>52 120</b>        |
| <b>Udekket/udisponert</b>                      | <b>-</b>             | <b>-</b>             | <b>-</b>             |

Renter og avdrag utgjør 24,2 mill i 2017. Renter vert budsjettert med 4% i planperioden, men for budsjett 2017 er det lagt inn 2,45 %. Lånegjeld pr 31.12.2017 vil vere 315 mill.



|                                       | ØPL. 2017         | ØPL. 2018         | ØPL. 2019         | ØPL. 2020         |
|---------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Bruk av formidlingslån                | 2 000 000         | 2 000 000         | 2 000 000         | 2 000 000         |
| Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje | -                 | -                 | -                 | -                 |
| Bruk av ordinære lån                  | 41 720 000        | 74 520 000        | 71 960 000        | 73 400 000        |
| <b>Samla låneopptak</b>               | <b>43 720 000</b> | <b>76 520 000</b> | <b>73 960 000</b> | <b>75 400 000</b> |
| Sal av fast eigedom                   | 3 000 000         | 3 000 000         | 3 000 000         | 3 000 000         |
| Frå fond                              | 5 000 000         | 5 000 000         | 5 000 000         | 5 000 000         |
| Frå drift                             | 2 000 000         | 2 000 000         | 2 000 000         | 2 000 000         |
| Frå MVA                               | 12 930 000        | 21 130 000        | 20 490 000        | 20 850 000        |
|                                       |                   |                   |                   |                   |
| Lån IB                                | 287 527 680       | 315 147 680       | 372 867 680       | 425 527 680       |
| Lån IB + nytt låneopptak              | 331 247 680       | 391 667 680       | 446 827 680       | 500 927 680       |
| Avdrag                                | 14 700 000        | 17 400 000        | 19 900 000        | 22 300 000        |
| Avdrag formidlingslån                 | 1 400 000         | 1 400 000         | 1 400 000         | 1 400 000         |
| <b>Sum avdrag</b>                     | <b>16 100 000</b> | <b>18 800 000</b> | <b>21 300 000</b> | <b>23 700 000</b> |
| Lånegjeld etter avdrag                | 315 147 680       | 372 867 680       | 425 527 680       | 477 227 680       |
| <b>Renteutgifter gamle og nye lån</b> | <b>8 100 000</b>  | <b>15 700 000</b> | <b>17 900 000</b> | <b>20 000 000</b> |

I budsjett 2016 er det føresett ei budsjettrente på 2,45%. Avhengig av rentenivå vil samla renter og avdrag auke med mellom 11,5 mill frå budsjett 2017 til budsjett 2020, gitt uendra rentenivå i heile perioden. Dersom det vert auka renter mot 4% i slutten av perioden gir dette ei samla auka utgiftsnivå på 19 mill i forhold til budsjett 2017.



I budsjett 2016 er det føresett ei budsjettrente på 2,45%. Avhengig av rentenivå vil samla renter og avdrag auke med mellom 11,5 mill frå budsjett 2017 til budsjett 2020, gitt uendra rentenivå i heile perioden. Dersom det vert auka renter mot 4% i slutten av perioden gir dette ei samla auka utgiftsnivå på 19 mill i forhold til budsjett 2017.

Utvikling av renter og avdrag over tid viser auka avdrag, medan rentene ikkje har auka i same takt som følgje av synkande rentenivå. Tala for 2016 viser budsjetterte beløp.



## Fond

| Fondstype                            | 31.12.2013         | 31.12.2014         | 31.12.2015         |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Disposisjonsfond                     | 56 539 011         | 67 533 681         | 67 423 402         |
| Bundne driftsfond- k.to 2.51         | 28 350 136         | 37 198 718         | 37 079 499         |
| Ubundne investeringsfond – k.to 2,53 | 42 143 911         | 39 786 674         | 39 561 643         |
| Bundne investeringsfond – k.to 2.55  | 8 488 193          | 4 007 774          | 4 629 879          |
| <b>Totalt fond pr. 31/12</b>         | <b>135 521 251</b> | <b>148 526 846</b> | <b>148 694 423</b> |


Av disposisjonsfondet er omlag 9,1 mill knytt til Flyktningefondet, 12,5 mill er driftsfondet (sjå under) og 44,5 mill er avsett til amortiseringsfondet. Amortiseringsfondet skal dekke framtidige pensjonsforpliktingar. Premieavvik er differansen mellom årets betalte pensjonspremier og beregnet pensjonskostnad. Kommunesektorens *pensjonspremier* skal dekke dei auka pensjonspliktingane som har påløpt i løpet av året og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp. Den betalte premien vil mellom anna avhenge av avkastninga pensjonsleverandøren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året. Premiane kan derfor svinge frå år til år. Premieavviket pr 31.12.2015 er 45,7 mill, det er dermed avsett mindre enn det som er framtidige pensjonsforpliktingar.

| DRIFTSFOND 2.569900   | 31.12.2013           | 31.12.2014           | 31.12.2015           |
|---|----------------------|----------------------|----------------------|
| BALANSE PR 31/12-2015   | 11 090 896,42        | 14 226 827,60        | 12536401,98          |
| Disponert, men ikkje brukt/utbetalt pr. 31/12-2015            | -1 140 619,73        | -994 756,76          | -994756,76           |
| Krav til grunnkapital 5,0 mill. K-sak 54/07                   | -5 000 000,00        | -5 000 000,00        | -5000000             |
| <b>Netto disponibelt pr. 31/12-2015</b>                       | <b>4 950 276,69</b>  | <b>8 232 070,84</b>  | <b>6541645,22</b>    |
| <b>KAPITALFOND - etter sal av voe 2530010</b>                 |                      |                      |                      |
| BALANSE PR 31/12-2015   | 30 149 075,88        | 28 317 871,18        | 29156000,5           |
| Disponert ,ikkje brukt pr. 31/12-2015                         | -5 767 130,64        | -5 262 647,34        | -5262647,34          |
| <b>Netto disponibelt pr. 31/12-2015</b>                       | <b>24 381 935,24</b> | <b>23 055 223,84</b> | <b>23093353,16</b>   |
| <b>NÆRINGSFOND ETTER 1/1-1994 - KONTO 2514500</b>             |                      |                      |                      |
| BALANSE PR 31/21-2015   | 13 862 591,36        | 20 418 469,36        | 20 510 626,36        |
| Løyyt i budsjett 2016   | -1 610 000,00        | -1 675 000,00        | -1 675 000,00        |
| Budsjettert tilføring av konsesjonsavgifter til fondet i 2016 | 3 000 000,00         | 3 100 000,00         | 3 100 000,00         |
| Ikkje brukt eller utbetalt av tidlegare vedtak                | -3 301 624,99        | -3 420 532,99        | -1 973 732,99        |
| Grunnkapital  | -5 900 000,00        | -5 900 000,00        | -5 900 000,00        |
| <b>Netto disponibelt pr. 31/12-2015</b>                       | <b>6 050 966,37</b>  | <b>12 522 936,37</b> | <b>14 061 893,37</b> |

## Heilskapleg system

Gjennom gode plan- og styringsprosesser og god leiing skal kommunen ivareta rollen som tenesteyter, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Plansystemet består av kommunen sitt overordna og politisk vedtatte planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.




Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningsloven, øvrige lover og forskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkare. Gjennom reglane i plan- og bygningslova er kommunane m.a. pålagde å utarbeide samla kommuneplan for utvikling og samordna oppgåveløysing. Kommunane har vidare mynde til å styre arealbruken gjennom å utarbeide arealplanar. I gjeldande lovverk er det teke inn reglar som stiller sterke krav til samordning av ulike omsyn på alle plannivå.

Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom plansystemet. Kommunestyret vedtar alle overordna planar som kommuneplan, kommunedelplanar, økonomiplan og årsbudsjett (handlingsdel). Styringsdokument på eit lavare nivå skal være ei operasjonalisering av overordna planar.

Ny planstrategi skal handsamast i kommunestyret hausten 2016 og arbeidet med revidering av kommuneplanen pågår. Statleg reguleringsplan for utbygging av ny E16 og jernbane (K5) gjennom kommunen stiller store krav til kommunal planlegging. I arbeidet med kommuneplanen legg me til grunn fleksible og parallelle prosessar for å fange opp desse utfordringane. Det er vedtatt oppstart av områdeplanar for *stasjonsbyane* Vaksdal og Stanghelle med framdriftsplan tett opp til statleg planprosess. Planarbeidet vil ha stor prioritet i 2017.

Årleg rullering av handlingsdelen/ økonomiplanen skjer i vårhalvåret med vedtak i kommunestyret i juni. Det vert lagt opp til politisk prosess gjennom orienteringar, drøftingar og temamøte i formannskap, plan og økonomiutval og kommunestyret. Rådmann sitt framlegg til økonomiplan vert lagt fram i mai.

Rådmann sitt framlegg til årsbudsjet vert lagt fram tidleg haust for å gje tid til den politiske prosessen før vedtak i kommunestyret i desember. Formannskap, plan og økonomiutval har årleg ein budsjettkonferanse ved oppstart av arbeidet.



Gode plan- og styringsprosesser krev leiarar som gir retning, utnytter handlingsrommet og er resultatorientert. Samtidig skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og utvikling i heile organisasjonen. Det skal støttast opp om innovative løysingar.

**Styringssystemet** (verksemdsstyring) er rådmann sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- sikre etterleving av lover og forskrifter
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosesser og riktig ressursbruk
- sikre læring, forbetring og innovasjon

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for å iverksetje politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogelege resultat og kvalitet i tenestene.

Linjestyring – styring av basisorganisasjon

Prosjektstyring – styring av mellombels organisasjon som eit prosjekt eller program

Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre

Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen. Mål og resultatkrav er nedfelt i leiaravtalar.

En hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.



## Strategiske val og endringar i drifta

Organisasjonen har arbeidd med å utvikle og endre dei kommunale tenestene for å gjere oss rusta til å møte endra behov og nye rammevilkår. Gjennom organisasjonsutviklingsprosjektet (OU) har alle einingar vurdert tenestetilbod, samhandling, kvalitet og utviklingsbehov innafør eigen eining og kommunen samla. Det er lagt vekt på å planlegge og skape handlingsrom for endring.

Utviklingsprogrammet dei siste åra har skapt rom for endringar i ulike deler av drifta. Betre tverrfagleg samspel har auka kvalitet og kapasitet i tenestene trass i mindre ressursbruk. Auka digitalisering og nye verktøy har gjort arbeidsprosessane meir effektive og mindre ressurskrevjande. Ny kompetanse, endra metodar og god brukardialog har ført til betre tenester på eit lågare innsatsnivå. Dette er døme på endringar i tenestene som har redusert ressursbruken i 2015/2016.

Analysar av kostnadsnivået viser at kommunen har eit potensiale for å redusere driftsutgiftene gjennom endringar av praksis. Framover i 2017 og vidare i planperioden må slike endringar i tenestene gjennomførast innan alle aktivitetsområde i heile organisasjonen. Alle område må vurderast og prioriterast på rett nivå slik at endringane kan gje varig redusert driftsnivå. Tiltaka som er lagt til grunn i årsbudsjettet er i samsvar med desse strategiane og vil medføre reduserte driftsutgifter i åra frametter. Gjennom neste år må det arbeidast med ytterlegare tilpassingar for å møte ein meir krevjande økonomisk situasjon i 2018 og vidare.

*«Stadig økende krav og forventninger fra innbyggerne i en stadig mer presset kommunal sektor har også ledet til økende interesse for hvordan innbyggerne selv kan bidra til å løse oppgaver og hvordan de kan medvirke i å utvikle nye effektfulle løsninger» Gunn Marit Helgesen, styreleiar i KS*

Alle kommunar opplever press på tenestene og berekraftutfordringar på sikt. Oppgåver i arbeidslivet må løysast på nye mater. Endringstakten i samfunnet og korleis kommunal sektor skal møte dette er eit sentralt tema for KS. Kommunane må mobilisere tilgjengelege ressursar for å løyse oppgåvene både på tvers i organisasjonen, og saman med innbyggarane og samarbeidspartnarar ifølgje KS.

I prosjektet *Lev vel i Vaksdal* som starta opp hausten 2016 er dette eit av hovudmåla.

Ved tilpassing av rammer er det gjort generelle nedtrekk, tilpassingar som følgje av endra kostnadsvekter og justering av dagens tenestenivå og einingskostnader. Rammene er basert på endringane i folketalet og venta reduksjon i behovet for tenester for barn og eldre. Størst nedgang er venta i helse og omsorg, rammene er basert på prognosane for aldersgruppa 80+ .

Det er gjennom tilstandsvurderingane avdekka store etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Ordinert verdibevarande vedlikehald bør dekkast av ordinære driftsmidlar, det er likevel vanskeleg å prioritere når økonomien er såpass krevjande.

## Vedlegg 1. Tenesteområde, einingar og fellesområde

### Tenesteområde Oppvekst



Vaksdal kommune har 4 barnehagar og 5 skular. Det er barnehage og skule på Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og skule i Eksingedalen. I rammene for tenesteområdet oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT, og sentralt skule- og barnehagebudsjett.

Vaksdal kommune kjøper skuleplassar til elevar frå Eidslandet krins i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidslandet og Eksingedalen som går i barnehage i Modalen.

Fødselstal og aktuelle barnehageborn for perioden 2011 – 2016 (pr. 30.06.16, SSB)

| Totalt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|--------|------|------|------|------|------|------|
| 234    | 43   | 37   | 39   | 47   | 55   | 21   |


Elevtal skuleåra 2016/2017 og 2017/2016 for skulekrinsane pr. september 2016

| Skuleår   | DBU       | Vaksdal | Stanghelle | Stamnes | Eksingedalen | Modalen |
|-----------|-----------|---------|------------|---------|--------------|---------|
| 2016-2017 | 214 (120) | 133     | 80         | 37      | 10 (4)       | 16 (7)  |
| 2017-2018 | 216 (122) | 126     | 85         | 37      | 9 (3)        |         |

(xx) = av dette elevar på ungdomstrinnet

Skulane og barnehagane har felles satsing på grunnleggjande ferdigheiter, spesielt språk og lesing, sosial kompetanse og vurdering for læring. Vi følg òg opp arbeidet med organisasjonsutvikling der målet er kollektivt orienterte skular og barnhagar. Dette kjem til uttrykk i måla for området oppvekst og for einingane i 2016. Med kollektivt orienterte barnehagar og skular meiner vi einingar, avdelingar og tilsette som nyttar den enkelte og kvarandre sin kompetanse til saman å nå målet om å fremja born og unge si faglege og sosiale utvikling i tråd med sentrale og lokale målsettingar gjennom omsorg, leik, læring og danning.

Kommunebarometeret 2016 viser at vi er blant dei 5 % beste kommunane i landet når det gjeld trivnad blant elevane, medan vi skårar blant dei 5 % dårlegaste når det gjeld læringsresultat (grunnskulepoeng). Dette er motstridande resultat og vi ser det som eit paradoks at vi skårar godt på elevundersøkinga, trivsel/mobbing, medan læringsresultata er særskilt dårlege. For å få auka kompetanse til analyse av resultatata og rettleiing til forbetring for å betra læringsutbytte for elevane har vi søkt om å få rettleiing gjennom Utdanningsdirektoratet.



#### Mål for 2017

- Vi er aktive oppveksteigarar, både politisk og administrativt, og leiarar som sikra, vurderer og forbetra kvaliteten i barnehage og skule gjennom dialogbasert styring.

**Tiltak 2017**

- Oppveksteigar, politisk og administrativ, deltek i utdanningsprogram i regi av Midthordland kompetanseregion og KS for å auka kompetansen i dialogbasert styring
- Leiarar i skule og barnehage deltek i utdanningsprogram regi av Midthordland kompetanseregion og KS for å auka kompetansen i dialogbasert styring, god leiing og organisasjonsutvikling
- Barnehage og skule knyter til seg nasjonalt rettleiarkorps (Udir) for å betra læringsresultata

**Resultatmål 2017**

| Mål nasjonale prøvar (gjennomsnitt 5 siste år) |        |        |
|--|--------|--------|
| Indikator                                      | Nivå   | 2017   |
| Lesing 5. årssteg                              | Nivå 1 | 25 %   |
|  | Nivå 3 | 22 %   |
| Rekning 5. årssteg                             | Nivå 1 | 26 %   |
|  | Nivå 3 | 24 %   |
| Engelsk 5. årssteg                             | Nivå 3 | 22 %   |
| Lesing 8. årssteg                              | Nivå 4 | 22 %   |
|  | Nivå 5 | 11,5 % |
| Rekning 8. årssteg                             | Nivå 4 | 21 %   |
|  | Nivå 5 |        |
| Engelsk 8. årssteg                             | Nivå 4 | 17 %   |
|  | Nivå 5 | 10 %   |

| Mål grunnskulepoeng |      |      |      |
|---------------------|------|------|------|
| Indikator           | 2017 | 2018 | 2019 |
| Grunnskulepoeng     | 38,5 | 39   | 39,5 |

| Mål del spesialundervisning            |      |      |      |
|--|------|------|------|
| Indikator                              | 2017 | 2018 | 2019 |
| Del elevar som får spesialundervisning | 9 %  | 9 %  | 8 %  |

**Økonomisk ramme**

Det er krevjande økonomiske rammer innafor oppvekst. Det er nødvendig å kontinuerleg arbeida med innhald og organisering for best mogeleg nytte den økonomiske ramma som oppvekst har for å møte kravet om auka kvalitet og betre læringsresultat.



Særleg skule har redusert rammene sine dei siste åra. Konsekvensen av dette er at vi har aldersblanda klassar. Aldersblanda klassar er ikkje nytt for skulane i Vaksdal, men endringa frå tidlegare er at det er og vert store aldersblanda grupper. Dette utfordrar undervisninga, læringa til elevane og romkapasitet på skulane.

Nær alle aldersblanda klassar vil vera over 20 elevar i kvar gruppe, der òg nokon av dei er mellom 25 – 30 elevar frå hausten 2017. Det vil vera nokre timar i veka årsstega er delt, men dette vil vera minimalt med få timar i veka. Kjernefaga norsk, engelsk og matematikk vil verta prioriterte fag å dela gruppene i.

Etablering av Oppveksttun på Stamnes er eit av tiltaka for 2017, dette er nærare skildra under barnehage.

| Oppvekst         | Budsjett 2016     | Budsjett 2017     |
|------------------|-------------------|-------------------|
| Felles, inkl PPT | 4 146 625         | 3 764 000         |
| Skule            | 44 718 173        | 43 857 000        |
| Barnehage        | 21 242 899        | 21 441 000        |
| <b>Sum</b>       | <b>70 107 697</b> | <b>69 062 000</b> |

## Skule



Skulane i Vaksdal har som visjon:

«Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande».


Hausten 2016 er det tilsett 67,38 årsverk i eininga (skule og SFO) og det er 474 barn totalt på dei fem skulane våre. Vi har òg 17 elevar frå kommunen som har skuleplass ved Mo skule i Modalen.

Hausten 2017 startar det 43 born på 1. årssteg i skulane i Vaksdal. Elevane startar på skule på Dale, Vaksdal, Stanghelle og Stamnes. På ungdomssteget startar det 41 elevar, medan 50 elevar avsluttar grunnskulen og startar på vidaregåande skule.

### Skuleåret 2017/2018

| Årssteg | DBU | Vaksdal | Stanghelle | Stamnes | Eksingedalen | Modalen | Samla |
|---------|-----|---------|------------|---------|--------------|---------|-------|
| 1.      | 14  | 11      | 14         | 4       | 0            | 0       | 43    |
| 8.      | 39  | 0       | 0          | 0       | 0            | 2       | 41    |
| VG1     | 45  | 0       | 0          | 0       | 1            | 4       | 50    |

Skulane i Vaksdal arbeidar for å redusera tal elevar som får spesialundervisning til fordel for betra tilpassa opplæring med godt læringsmiljø. Det har vore gjort eit systematisk arbeid på alle skulane i tett samarbeid og oppfølging av PPT. System for ressursteam og PALS er gode verkty i arbeidet. Resultata ser vi ved at elevar med spesialundervisning er redusert til 9,1 % i 2015, og vi nærmar oss landsgjennomsnittet på 7,9 %. Samstundes nyttar vi eit lågare timetal, prosentvis, i forhold til kommunegruppene, Hordaland og landsgjennomsnittet.



Alle skulane i Vaksdal arbeider med PALS (Positiv-Adferdstøttande Læringsmiljø og Samhandling.) Skulane er òg i gong med den nasjonale satsinga vurdering for læring og denne vert vidareført i 2017. Eksingedalen skule og Dale barne- og ungdomsskule avsluttar den nasjonale satsinga for ungdomstrinn, skulebasert kompetanseutvikling (SKU), men vil vidareføra arbeidet som er starta. Alle satsingane er basert på forskning og i tråd med nasjonale føringar og vil verta vidareført i 2017.



**Mål for 2017**

- Elevane opplever læring i eit trygt og godt læringsmiljø
- Elevane deltek i vurderinga av si eiga læring
- Skulane auka kompetanse for læring og undervisning i aldersblanda grupper, spesielt i faga norsk, matematikk og engelsk, for å betra læringsresultata




**Tiltak i 2017**

- Lærande møte som metode på møteplassane våre, både med tilsette og føresette, der forpliktande oppfølging er ein føresetnad
- Skulane arbeider vidare med PALS slik at det vert ein del av kvardagen på alle skulane
- Skulane utarbeider lokale læreplanar med kompetansemål for aldersblanda grupper
- Skulane arbeider systematisk med vurdering for læring med særleg vekt på eigenvurdering


**Økonomisk ramme**

|       | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|-------|---------------|---------------|
| Skule | 44 718 173    | 43 857 000    |

Kostnadsnivået for skule pr. 2015 ligg lågare enn både kommunegruppe 2 og 3, men høgare enn fylket og landet. Kostnaden inkluderer SFO, skyss og skulelokale. I 2015 nytta grunnskule 21,7 % av netto driftsutgifter til kommunen. Reduksjonen frå tidlegare år er i stor grad gjennomført ved å redusere tal undervisningstimar.



SFO skal i prinsippet vera sjølvfinansiert gjennom foreldrebetaling. Skulane i Vaksdal nyttar om lag kr. 900 000,- til finansiering av drifta pr. idag. Kostnaden er noko høgare pr. elev enn landet, Hordaland og kommunegruppe 2, men lågare enn kommunegruppe 3. I 2017 skal innhald og organisering av SFO vurderast med mål om å oppretthalda tilbodet og kvaliteten, samstundes som driftsutgiftene vert betre tilpassa dei økonomiske rammene som inntektene gjev.



Andre endringar/tilpassingar i drifta som er påkravd ut frå budsjettamma:

- Vurdera reduksjon i tal valfag på ungdomstrinnet
- Oppretthalda store aldersblanda elevgrupper på barnetrinnet, spesielt på Dale, Stanghelle og Vaksdal (sjå konsekvensar skildra under oppvekst)



## Barnehage




Barnehagane i Vaksdal har som visjon: « I barnehagen vår vert alle sett og verdsett, me er blant dei beste på samarbeid mellom barnehage, heim og lokalsamfunn. Barnehagen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande».

Hausten 2016 er det 45 tilsette i eininga og det er 169 barn totalt i dei fire barnehagane.

Det er 43 barn som begynner på skulen august 2017.

I 2015 var det færre born med barnehageplass i Vaksdal enn tidlegare år. Det er venteleg det neste året at del born med barnehageplass vil vera mellom 80-85 %. Det er venta at barnetalet vert om lag på 2016-nivå òg i 2017.



På grunn av utvida rett til barnehageplass (frå 2016 for born fødd før 1. november) vil det dei neste åra vera ein større del av borna som er under 3 år. Dette vil auke kostnadane; same aktivitet, men reduserte inntekter. Samfunnsmessig er det likevel positivt at mange vel å nytte barnehagetilbodet for å taka del i arbeidslivet og dermed bidra i verdiskapinga. Det er elles ein nedgang i tal born med minoritetsbakgrunn er i barnehagane.

Programmet «De utrolige årene» er ei viktig og langsiktig satsing i alle barnehagane våre som skal gje dei tilsette eit felles verkty og styrke relasjonskompetansen. Språk og kommunikasjon er eit grunnleggande tema som heile tida må utviklast. Dei tilsette i barnehagane er i gong med kompetanseheving i TRAS og Språkløyper for barnehagane. Vidare satsing på digitale verkty knytt til bruk i arbeid med blant anna språk.

### Mål for 2017

- Barnehagen legg til rette for at føresette kan delta aktivt i utforminga av tilbodet.
- Dei tilsette har god kompetanse om borna si utvikling, både språkleg og sosialt.

### Tiltak i 2017


- Vi nyttar lærande møte som metode på møteplassane våre, både med tilsette og føresette, der forpliktande oppfølging er ein føresetnad.
- Vi arbeider vidare med DUÅ slik at det vert ein del av kvardagen i barnehagane.
- Vi gjer arbeid med språk og språkopplæring synleg og systematisk i kvardagen med reiskapane Språkløyper og Grep om begrep
- Vi gjennomfører bruk av TRAS som kvalitetssikring for arbeid med språk.



**Økonomisk ramme**

|           | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|-----------|---------------|---------------|
| Barnehage | 21 242 899    | 21 441 000    |

Vaksdal barnehage har noko mindre utgifter til barnehage enn dei vi har samanlikna oss med, dette skuldast mellom anna lågare andel barn i barnehage. Ut frå objektive utgiftsbehov sett av SSB, der kriteria er barn 2-5 år, barn 1 år utan kontantstøtte og utdanningsnivå, ligg Vaksdal sitt behov om lag 15 % under landssnittet. I 2015 var utgiftene til barnehage i Vaksdal berre 5,9 % under landssnittet.



For å tilpassa oss dei økonomiske rammene for 2017 er det naudsynt å gjera nokre organisatoriske endringar for å ivareta best mogeleg kvalitet i kjernetida i barnehagen. Kjernetida er den tida det er flest born tilstade i barnehagen.

For å ivareta borna best mogeleg i kjernetida og få betre utnytting av plassane er det fleire tiltak som er tenlege å gjennomføra. Barnehagane vil med desse tiltaka kunne redusera variable lønnskostnader (vikarutgifter) samstundes som ein ivaretek kvaliteten:

- Redusera opningstida i barnehagane til 9 timar pr. dag for å gjera barnehagen mindre sårbar ved fråvær
- Gje tilbod om 100 % plass for alle borna (ikkje tilbod om redusert plassar)

Stamnes barnehage er ein liten barnehage med få born, men same bemanning som andre avdelingar i kommunen med fleire born. Dette er ressurskrevjande og for å få eit meir likeverdig tilbod for alle borna i kommunen kan ein vurdera to ulike alternativ til vidare tilbod om barnehageplassar for born på Stamnes:

1. *Oppveksttun ved Stamnes skule* - etablering av Stamnes barnehage som oppveksttun saman med Stamnes skule vil vera eit positivt bidrag til å styrkja både lærings- og arbeidsmiljøet ved begge avdelingane. Ei organisering av barnehage og skule som oppveksttun ved Stamnes skule vil gje ei innsparing på om lag kr. 1 000 000,- årleg.
2. *Born frå Stamnesområdet får tilbod om barnehageplass i Knutatunet barnehage eller Vaksdal barnehage* – dette alternativet vil gje ei årleg innsparing på om lag kr. 1 500 000,-, men Stamnes vil då misse barnehagen i bygda.

Alternativ 1 er lagt til grunn i budsjettet for 2017.

Vi har i 2016/2017 ei stor auke i tilskot til kommunal barnehage i Modalen. Kommunen er ikkje pålagt å betale tilskot til kommunale barnehagar i andre kommunar, kun til private barnehagar. Tilskotet kan ev reduserast eller utgå. Rådmann vil legge fram ei sak til formannskapet om dette.

Andre tilpassingar i drifta som er påkrevd ut frå budsjettramma:


- Vidareføra ordninga med ein barnehage ope om sommaren
- Alle med rett til plass ved opptak haust 2016 får plass i barnehagen, andre born får plass ved ledig kapasitet

Ved opptak til nytt barnehageår vert fordeling av born mellom barnehagane gjort ut frå full utnytting av kapasitet på den enkelte avdeling.

## Tenesteområde helse og omsorg

Helse og omsorg utgjør einingane Heimetenesta, Sjukeheimstenesta og Folkehelse og familie. Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper frå førebyggjande tiltak til bistand og helsehjelp. Målsetnaden er at den enkelte i størst mogeleg grad kan nytta eigne ressursar og meistra eige liv.

Tenesteområdet jobbar med å vri innsats over frå institusjonsbasert omsorg til satsing på meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tenester, dvs. nedover i omsorgstrappa. Dette har skjedd samstundes med tilpassing til stadig meir reduserte budsjetttrammer. Snuoperasjonen som er i tråd med Kommunedelplan helse og omsorg, økonomiplanar og sentrale føringar og utfordringsbilete, har derfor vore krevjande. Kravet til effektivitet aukar, og midlar og ressursar må omfordelast til meir ressurseffektivt nivå. For å få til nye satsingar og tenester lenger nede i omsorgstrappa, må ein redusera tal sjukeheimplassar og andre ressurskrevjande tenester.



Denne utviklinga vil holda fram i 2017. I budsjetttramma for 2017 er også utgiftsauke til ny legevaktavtale og barneverntiltak teke inn, til saman om lag 3 millionar. Dette fører til ytterlegare innsparings- og effektiviseringstiltak i heile tenesteområdet.

For å klara å tilpassa drift og tenester til budsjetttramma for neste år og vidare framover, vert det svært viktig å få på plass tenester i manglande eller svake trinn i omsorgstrappa vår. Utviklingstrekk og forskning viser at dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som råd. Nye metodar og hjelpemiddel opnar for dette på ein heilt annan måte enn det ein såg for seg berre få år attende. Bruk av teknologi og innføring av kvardagsrehabilitering kan nemnast som døme på det. Lokalt i Vaksdal opplever me ein reduksjon i talet eldre over 80 år fram til rundt 2022. Færre innbyggjarar 80+ fører til mindre trong for sjukeheimplassar og færre vedtakstimar for heimetenesta. Det vert derfor naturleg å sjå tal årsverk og tiltak og tenester i samanheng mellom einingane.

Frå om lag 2025 vil talet 80 + auka att i Vaksdal kommune. Det aukande talet eldre er ei nasjonal og global utfordring som kommunane må bu seg på. I Vaksdal vil åra fram mot 2022 verta svært viktige for å rigga tenestene slik at ein framover vert i stand til å gi god nok assistanse, helsehjelp og omsorg til innbyggjarane med dei ressursar kommunen rår over. I tillegg vil digitale verktøy gi høve til rasjonalisering og ressursvriing. Me vil nytta frigjorte ressursar til meir førebyggjande og rehabiliterande tiltak. T.d. vil samarbeid rundt merkantile oppgåver mellom einingane kunne frigjera ressursar.



I budsjettåret 2017 vil det særleg verta jobba med å utvikla to trinn i omsorgstrappa. Det eine trinnet omfattar buløysingar mellom eigen heim og sjukeheims plass. Dette trinnet der ein t.d. finn bemanna omsorgsbustadar, er framleis mangelfullt i kommunen, og det hastar å utvikla det for å gjennomføra strategien med reduksjon av sjukeheims plassar. Heile porteføljen av institusjons plassar og alders-/omsorgsbustadar vil verta vurdert i samband med dette.



Det andre trinnet finn ein lenger nede i trappa, og det omfattar satsingar som har ressursane til brukar i fokus og der ein rettleiar og tilrettelegg snarare enn å overta for brukarane. Døme på dette er kvardagsrehabilitering, bruk av teknologi/hjelpemiddel og bruk av helsepedagogiske metodar som føreset medverknad frå brukar.

Frå sommaren 2016 gjekk prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» over i hovudprosjektfasa. Prosjektet er omfattande med fleire delaktivitetar/-prosjekt på gang i drifta. Prosjektet er felles for dei tre einingane, og resultatet vil vera avhengig av godt samarbeid på tvers av einingar og også over tenestoområda. I løpet av prosjektfasa vil det verta vurdert kva organisering som best støttar opp om prosjektet og bidreg til å realisera måla, og mest truleg vil det verta endringar i organisering i løpet av budsjettåret.

Mål for 2017 er i samsvar med satsingar og framdrift i prosjektet. Ved utarbeiding av satsingsområde i prosjektet og mål framover har me også teke utgangspunkt i styringsdata som fortel oss at me framleis har forbedringspotensiale i å endra og effektivisera tenester. Me kan framleis få meir teneste/kvalitet ut av tilgjengelege ressursar. Vår store utfordring er at endringane må skje raskt. Fleire avdelingar melder frå om at dei merkar dette. Det er forsvarleg drift, men på eit anna nivå enn dei har vore van til.

Heile helse- og omsorgsfeltet vil saman sjå på utvikling av eit opplæringstilbod for kommunen sine flyktingar. Tilbodet vil vere eit integrert språk- og fagprogram som vonleg vil gjere deltakarane i stand til ordinært arbeid i helse- og omsorgssektoren.

#### Mål for 2017

- Ved utgangen av første tertial skal utgreiingar og planlegging vera gjort for å gjennomføra endingar og tilpassingar i løpet av 2. – 3. tertial som styrkar dei to manglande trinna i omsorgstrappa.
- Alle einingane skal gjennomføra brukarundersøking.
- I løpet av året skal første trinn av brukarlab for teknologi på Helsehuset vera etablert.
- Tildelingskriterier for tenester skal reviderast med endringar som følgje av lovendring som gir rett til sjukeheim eller liknande bustad.


#### Økonomisk ramme

| Helse og omsorg                  | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|----------------------------------|---------------|---------------|
| Felles, inkl samhandlingsreforma | 4 734 501     | 4 897 000     |
| Heimeteneste                     | 50 128 059    | 47 186 000    |
| Sjukeheimsteneste                | 44 385 714    | 39 557 000    |
| Folkehelse og familie            | 23 566 603    | 26 224 000    |
| Sum                              | 122 814 877   | 117 864 000   |

## Heimetenesta

Heimetenesta gir tenester til brukarar i alle aldrar med ulike hjelpebehov. Hovudmålsettinga er at den enkelte brukar skal kunne leva og bu sjølvstendig i eigen heim lengst mogleg.

Heimetenesta er delt opp i tre ulike avdelingar. Heimebasert omsorg består av heimesjukepleie, praktisk bistand og dagsenter for heimebuande eldre. Den andre avdelinga er Bufellesskap for utviklingshemma, og den siste avdelinga er forvaltning og administrasjon. Alle avdelingane er lokalisert på Dale, og ein arbeider for at dei ulike avdelingane skal samarbeida godt og nytta ressursane mest mogleg effektivt.



I løpet av dei næraste åra vert aldersgruppa over 80 år i kommunen redusert, og ein ser derfor at tenesteutøvinga må endra seg. Fokus er å drive meir med førebyggjande arbeid, som til dømes kvardagsrehabilitering og nytta metodar som fremjar meistring hjå brukar.

For å få til denne endringa av tenestetilbod, må ein omprioritera. Ein ønskjer å tilsetja ergoterapeut i eininga for å driva meir med

kvardagsrehabilitering og kunne gjera betre tilretteleggingar i brukarane sine heimar. Dette er ei ressursvriing frå pleie- og omsorgsoppgåver, og bemanning i heimesjukepleien vert tilpassa dette og reduksjon i tal brukarar og vedtakstimar. Det er lagt inn ein reduksjon på omlag to stillingar i heimesjukepleien. I løpet av året vert det gjort ytterlegare endringar i tenestetilbod for å vri meir ressursar over frå pleie til tilrettelegging, førebygging og rehabilitering.

Samlokalisering av tenester kan føra til effektivisering av drifta i heile eininga. Som betre utnytting av ressursar mellom praktisk bistand og heimesjukepleie og mellom dagsenter for psykisk utviklingshemma og bufellesskapet for funksjonshemma.

### Mål for 2017

- Innføra ernæringskartlegging som ein del av dei systematiske prosedyrane i Heimetensta.
- Flytta dagsenter for psykisk utviklingshemma til andre lokalar i samarbeid med AO-senteret.
- Vurdera fysisk samlokalisering av avdelingar som kan ha nytte av å samarbeida.

### Økonomisk ramme


|              | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|--------------|---------------|---------------|
| Heimeteneste | 50 128 059    | 47 186 000    |

## Sjukeheimstenesta

Sjukeheimstenesta driftar 2 institusjonar – Daletunet Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim. På Daletunet er korttidsavdelinga, og i tillegg er det ei sjukeheimsgruppe med langtids plassar. Vaksdal sjukeheim har fire sjukeheimsgrupper fordelt på to avdelingar. To av gruppene er tilrettelagt for brukarar med demens.

Sjukeheimstenesta utgjer ein stor del av kommunen sine pleie-/omsorgstenester. Og for mange innbyggjarar vil eit opphald på institusjon vera naudsynt. Men jamfør både utfordringsbilete, lokale og sentrale planar om utviklinga innan helse og omsorg, er forskyving av ressursar og innsats frå institusjon og over mot heimebaserte tenester rette vegen å gå.

### Inst.plassar i % av PLO-mottakar (2015)



Kommunen sine innbyggjarar over 80 år vil vere brorparten av det naturlege nedslagsfelt for pleie- og omsorgstenester. Og talet på innbyggjarar over 80 år går ned i åra framover. Den naturlege konsekvens er då ei justering av talet på sjukeheimplassar.

### Mål for 2017

- Implementere systematisk brukarundersøking på korttidsavdelinga.
- Ta i bruk metodar som mogeleggjør brukarmedverknad frå personar med demens og deira pårørande for å nytta deira innspel ved utforming av ressurscenter for demens.
- Iverksetja program for fagutvikling på ein av institusjonane.
- Gjennomføra prosjekt med fullelektronisk journalføring på ei av sjukeheimsgruppene

### Økonomisk ramme

|                   | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|-------------------|---------------|---------------|
| Sjukeheimsteneste | 44 385 714    | 39 557 000    |

Budsjettramma legg til grunn drift av 48 sjukeheimplassar samstundes som ein har noko fleksibilitet ved kortvarige «toppar». Som del av prosjektet Lev vel i Vaksdal skal det utarbeidast ei behovsanalyse for ulike typar plassar og tilbod. Arbeidet skal munne ut i eit forslag til ulike typar og tal plassar og inkludere ev ombyggingsbehov. Tidsfrist for arbeidet er 1.halvår 2017.

Utvikling av helsehuset på Daletunet vil starte opp i 2017 og første trinn av Brukarlab skal vera klar til oppstart 2. halvår. Fleire samarbeidsprosjekt med eksterne pågår og gir drahjelp til utviklinga samtidig som det aukar vår kompetanse. Utvikling av ressurscenteret på Vaksdal er også i oppstart og vil følgje framdrifta i prosjektet.

## Folkehelse og familie

Folkehelse og familie sine tenester famnar, på ulike områder, alle innbyggjarane I kommunen. Tenesta omfattar barnevern, Nav, legekontor, helsestasjon/skulehelsetenesta, rus- og psykiatri, ergoterapi og fysioterapi, samt Vaksdal Introsenter (VIS).


Folkehelse og familie er stadig i endring for å tilpassa tenestene etter gjeldande lovverk, kommunale forhold (innbyggjartal, folkehelseprofil m.m.) og til budsjettammer. 2017 vil vera eit utfordrande år og dei økonomiske utfordringane til kommune vil påverka drifta i Folkehelse og familie. Tydelegare prioriteringar og omlegging til meir gruppebasert tilbod der dette er hensiktsmessig er tiltak framover.

Potensialet som ligg i samarbeid med organisasjonar og frivillige må nyttast betre. Til dømes kan aktivitetstilbod til barn og unge drivast meir i regi av frivillige. Dette kan saman med omlegging av aktivitetar frigjera ressursar.

Me tek brukermedverknad på alvor og vil også i 2017 ha brukarundersøking innanfor våre tenester. Ei overvekt av tilsette har kurs innan helsepedagogikk som gjer at me meir systematisk ser etter ressursane til den enkelte brukar heller enn det som kan vera utfordrande. Tenesteområdet nyttar mykje gruppebasert tilnærming, noko som me vil utvikla vidare gjennom meistringsgrupper inn under «Trøndelagsprosjektet» der Vaksdal kommune er ein av pilotkommunane.

Barnevernet jobbar systematisk og heilskapleg innanfor Kvello metodikken. Utgiftene knytt til tiltak i og utanfor heimen er ut frå vedtak høgare i dei neste åra.

Sidan hausten 2013 har Nav hatt ei auke i utbetalingar på økonomisk sosialhjelp. Denne utviklinga ser ein også nasjonalt. Også i 2017 vil me jobba for å få redusert utbetalingar og få personar over i jobb og/eller utdanning. I tillegg vil me sjå på andre tiltak som betre kan utnyttast i kommunen for å auka moglegheitene for den enkelte til å gå over i utdanning/jobb.



### Mål for 2017

- Gjennomføra brukarundersøking på helsestasjonen og ergoterapi/fysioterapi.
- Minst 55% av dei som går ut av introduksjonsprogrammet skal over i ordinær utdanning eller arbeid.
- Utvikle samarbeidet med AO senteret om arbeid for å få fleire personar over i arbeid.

### Økonomisk ramme

|                       | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|-----------------------|---------------|---------------|
| Folkehelse og familie | 23 566 603    | 26 224 000    |

## Tenesteområde samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040.

Viktige prosessar som vil ha verknad for samfunnsutviklinga er mellom anna

- Statleg reguleringsplan for Arna – Stanghelle.
- Nasjonal transportplan 2018 – 2027.
- Områdeplaner for stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle.
- Rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel.

«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som me ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfordrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.



God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar , næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Ny veg og bane gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan me auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Kommunen vil oppdatere beredskapsplaner etter lokal øving i 2016. Deltaking i beredskapsøving i regi av Fylkesmannen er planlagt hausten 2017.

### Mål og satsingar i 2017

- Arbeid med områdeplaner for Vaksdal og Stanghelle.
- Inngå avtale om utbygging på Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.
- Aktiv deltaking i statleg reguleringsplan for ny veg og bane Arna - Stanghelle.
- Gjennomføre utbygging av nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup.
- Planlegging av ny barne- og ungdomsskule på Dale samt tilbygg på Vaksdal skule.

Tilstandsregistreringa av kommunale bygg er gjennomført for 75 % av bygningsmassen og syner eit etterslep på vedlikehald på 430 millionar kroner innan 5 år. Skulebygga har dårlegast tilstand, men det også store utfordringar for fleire av kulturbygga våre.

Planlegging av ny barne- og ungdomsskule på Dale samt forprosjekt for tilbygg på Vaksdal skule er lagt inn i investeringsbudsjettet for 2017.

Vidare arbeid med å dokumentere tilstand på kommunal infrastruktur er

- Utleigebustader (2. halvår 2016)
- Administrasjonsbygg (1. halvår 2017)
- Kommunale vegar (1. halvår 2017)
- Kommunale kaier (2. halvår 2017)



## Samfunnsutvikling

Eininga samlar ulike fagmiljø som saman er viktige for folkevekst, næringsutvikling/ entreprenørskap, omdømme og identitet. Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort, og ein ønskjer å utnytte dette gjennom å utvikle eit godt samarbeid internt.

Nokre av områda me vil jobbe for i 2017 vil vere å

- gjere våre kundar betre service og tenester, til dømes gjennom å gjere meir informasjon tilgjengeleg på nett,
- gjennomføre undersøking for kulturskulen og eigedomsforvaltning,
- utarbeide vedlikehaldsplaner for kommunale bygg,
- leggje fram sak om tilstand og eigarskap for kommunale vegar og kaier,
- førebyggje brannar og trafikkulykker,
- god dialog og møte med landbruk og anna næring samt frivillige lag og organisasjonar,
- tiltak for nærmiljø og møteplassar.



### Kultur og idrett

Gode kultur-, idrett- og fritidstilbod er viktig for at det skal vere godt å leva å bu her. Kommunen har eit mangfald av lag og organisasjonar som tilbyr ulike kulturtilbod. Godt samspel mellom kommune og frivillige lag og organisasjonar, samt støtte til eldsjelene er viktig. Vaksdal kulturskule vil prioritere tenester til born og unge framfor vaksne. Samfunnsutvikling forvaltar faste tilskot til lag og organisasjonar. For 2017 føreslår vi å auke denne til 660 000 kroner.

Folkebiblioteket opplever svikt i utlån, me vil difor gjere filialen på Vaksdal om til «meiropent bibliotek» i 2017.

### Vedlikehald av kommunale bygg

Kommunen har eit overskot på bygningsmasse gjennom bygg som ikkje er i bruk, bygg med dårleg arealeffektivitet samt unytta areal. Dei kommunale bygga har til dels stort etterslep på vedlikehald då vedlikehaldsbudsjettet over tid har vore redusert til eit nivå der vi per i dag er langt unna eit vedlikehald som sikrar verdiane.




Driftsinntektene vert redusert i åra som kjem, og dette gir mindre til drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur. Me må difor prioritere hardare og syte for at investeringane me gjer i infrastruktur gjer oss lågare driftsutgifter. Som følgje av store behov tilrår rådmann å overføre 0,96 mill ekstra til vedlikehald over drifta i 2017 av midlar som var tiltenkt overført til investering.

Ei stor utfordring er at store delar av etterslepet må finansierast med driftsmidlar, til dømes utskifting av tak og vindauge. Om ein ikkje klarer å redusere bygningsmassen må ein må forvente ein vesentleg opptrapping av driftsutgiftene til vedlikehald av kommunale bygg

Etter kvart som framtidig struktur for tenestene vert avklart kan me vurdere kva bygg me treng i framtida og ein skal utarbeide vedlikehaldsplanar for dei bygga me har økonomi til å behalde.

Inntekter og kostnader eigedomsforvaltning



**Mål for 2017**

| Område                  | Mål   | Tiltak  |
|-------------------------|---|---|
| Arbeidsmiljø            | Godt arbeidsmiljø med sjukefråvær under 7 %   | 1. Tydelege mål og verdigrunnlag, medverknad og tilrettelegging   |
| Kommunale bygg          | Arealeffektiv og trygg bygningsmasse  | 1. Utarbeide vedlikehaldsplan for skular, barnehager og utleigebustader.<br>2.Redusere bygningsmassen med 2.200 m2 i 2017.<br>3. Oppgradering av meir enn 2 bygg.<br>4. Stenge av delar av bygg som ikkje er i bruk.                                      |
| Nærmiljø og møteplassar | Nærmiljø og møteplasser skal vere ein trivselsfaktor i lokalsamfunna og vere tilgjengeleg for alle. | 1. Gjennomføre kunstprosjekt i offentlig rom på jernbanestasjonane på Vaksdal og Stanghelle.<br>2. Prioritere vedlikehald av Senterparken på Vaksdal samt møteplassar og grøntområde i Dale sentrum.<br>3. Avhende / avvikle 7 leikeplassar i bustadfelt. |
| Kulturskulen            | Bli ein endå meir attraktiv arena for born og unge i Vaksdal Kommune                                | 1. Tilpasse kulturskulen sine tilbod i tråd med etterspurnad<br>2. Aktiv rekruttering og samarbeid med korps<br>3. Synleggjering av kulturskulen<br>4. Prosjekt i barnehagane   |


**Økonomisk ramme**

|                   | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|-------------------|---------------|---------------|
| Samfunnsutvikling | 40 080 846    | 39 081 000    |

**Tiltak for å halde budsjetttramma i 2017**

- Tiltak for å redusere sjukefråvær og kostnader som følgje av sjukefråvær.
- Omlegging av vaskeriteneister frå 1. juli 2017.
- Tydeleg prioritering av born og unge i kulturskulen samt ved støtte til kultur og idrett.
- Tydeleg prioritering av sentrale møteplasser og grøntområde.
- Ikkje reasfaltering av kommunale vegar.
- Auka fokus på arealeffektivitet og avhending av kommunale bygg som ikkje er i bruk.
- Avvikling og/eller nedlegging av 7 leikeplassar og grøntområde i bustadfelt.
- Avvikle kommunalt reinhold for idrettslag.

Fordeling budsjett 2017



## Felles økonomi

Her finn ein kostnader som er felles for heile kommunen som politisk drift, ymse tilskot, rådmann, stab og støttefunksjonar som t.d økonomi , HR, IKT og ymse felleskostnader.

### Politisk og tilskot

Under fellesøkonomi er det budsjettert kostnader til drift av politisk styre, utval og råd og ordførar/varaordførar, revisjon, tilskot til Kyrkjeleg Fellesråd, Frivillighetssentral, AO senter mv og andre tilskot.

| Budsjett               | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Budsjett 2015 |
|------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Politiske utval og råd | 3 614 107     | 3 685 695     | 3 681 000     |
| Diverse tilskot        | 5 810 924     | 5 500 924     | 6 454 622     |

I ramma for politisk drift i 2017 inngår kostnader til valavvikling medan pott disponibel for formannskapet er tatt ut.

Drift av Frivillighetssentral er budsjettert med kr 670.000,- i brutto drift. Frå 2017 er midlar til frivillighetssentral lagt inn i rammetilskotet, det medfører at kommunen må dekke heile drifta av ramma.



Kyrkjeleg fellesråd er budsjettert med ei overføring på kr 3.400.000,- som i 2016. Det er i tillegg budsjettert med fordelte utgifter til gravar m.m og fordelte fellesutgifter til eigedomsforvaltning knytt til drift av kyrkja. Tilskot til andre truomssamfunn er budsjettert med kr 190.000,-

Næringssselskapet får overført same sum som i 2014 – kr 1 mill – som vert dekkja av næringsfondet. Utbytte frå Boge Kraft vert inntektsført i drifta som delvis finansiering med kr 350.000,-

Tilskot til bustadutbetring er budsjettert med kr 300.000,- som vert finansiert med utbetringstilskot frå Husbanken. Det er budsjettert med kr 300.000,- i stimuleringstilskot, behovet varierer frå år til år.

### Rådmann og stab

Under fellesøkonomi er det budsjettert kostnader til rådmann og rådmanns stab. Felleskostnader for stab og støttefunksjoner er samla her, tenesteområda har ikkje egne stabar slik det er vanleg i mange kommunar. Kostnader på kommunenivå er lagt inn her.

Staben dekker fagområda økonomi, HR, post/arkiv, løn, kundetorg/informasjon, politisk sekretariat, skatteinnkreving og enkelte innbyggartenester. Hovudtillitsvald og hovudverneombod er budsjettert her.

#### Mål fag satsingar for staben i 2017


- Vidareutvikling av styringsdata og økonomistyring, slik at me kan følgje utviklinga tett gjennom året og ved behov iverksette tiltak
- Leie innføringa av KF Kvalitet
- Etablere gode kontrollaktiviteter basert på ROS-analyser. Å utnytte funksjonaliteten i kvalitetssystemet vil være en del av dette arbeidet
- Effektivisere arbeidsprosessar gjennom god utnytting av modular i Visma
- Vidare utvikling mot digitalt førsteval og digital dialog



| Budsjett        | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Budsjett 2015 |
|-----------------|---------------|---------------|---------------|
| Rådmann og stab | 18 389 969    | 16 923 381    | 22 232 305    |

Felleskostnader på kommunenivå som aukar er t.d kjøp av tenester, datakommunikasjon, programvare og lisensar/årsgebyr.

I budsjettet for 2017 ligg det ytterlegare effektiviseringskrav for administrasjonen mellom anna gjennom LEAN-prosessar og digitalisering. Det er lagt til grunn noko reduksjon i bemanning for å halde budsjetttramma i året. For å unngå at dette medfører inntektssvikt eller aukar kostnader vil det måtte ramme kapasiteten på støtte til driftseiningane, saksbehandling og leing.



Kostra-tal for 2015 viser at Vaksdal har låge administrasjonskostnader samanlikna med kommunar på vår storleik.

Kostnader til fellesfunksjonar for heile kommunen som t.d. IKT drift og utvikling, pensjon, forsikring, ymse tilskot til andre, interkommunale samarbeid og kjøp av tenester, bedriftshelseteneste, verneteneste og hovudtillitsvald med meir inngår.

Av andre kostnader under rådmann og stab er dei største postane:


- 4,98 mill. Drift og utvikling av IKT inkl programvare, lisensar og datakommunikasjon (nett). Kostnader til drift er stabil, men kostnader til fiberlinjer er sterkt aukande (1,4 mill årleg ) pga. mange bygg og aukande krav. Programvare og lisensar aukar også.
- 0,9 mill. Kjøp av/samarbeid om tenester til erstatning for egen t.d kapitalforvaltning (BCM), innkjøpsamarbeid ( Bergen), arbeidsgjevarkontroll (Bergen), interkommunalt arkiv (IKAH)
- 1 mill til AFP pensjonar, seniorbonus og forsikringar
- 1,3 mill til medlemskap KS, LVK, BOF m. fl. og til kjøp av juridiske eller andre konsulenttenester, .
- kompetanse- og velferdstiltak organisasjon
- Ca 0,8 mill felleskostnader til bedriftshelseteneste, telefoni, annonsar, frankering, renter og gebyr bank, abonnement/årsgebyr personal og løn

## Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Knappe 500 personar fordelt på om lag 350 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneske som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver.

Vaksdal kommune er organisert i to nivå med rådmann, stab og 6 resultateiningar.

*Ein handlekraftig organisasjon fangar opp og responderer hurtig på behovsendringar, styrer etter fellesskapets beste løysningar og er god på intern og ekstern samhandling.*



Omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane ligg til grunn for organiseringa. Organiseringa skal ivareta krav til rolledeling og gjennom det sikre god internkontroll. Effektive arbeidsprosesser skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til en digitalisering.

Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen. God leiing er avgjerande for innovasjon og utvikling. Leiarutviklingsprogram skal støtte opp under denne målsetnaden og gjelde for heile organisasjonen. Avdelingsleiarrolla er styrka og vert satsa på i den nye organisasjonen.

### Omstilling og endring

Alle organisasjonar er i stadig endring. Endringstakten i samfunnet aukar og stiller nye krav til oss. Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettrammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Arbeidet vil krevje gode leiarar, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabstøtte i gjennomføringa. Tiltak som har potensiale i form av reduserte kostnader eller som frigjer ressursar til kjerneoppgåver vil bli prioritert.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling, omstillingsutval, stillingsutval og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte.

Det vil også vera behov for justeringar i organiseringa, t.d. vil det vera naturleg å tilpasse organiseringa i helse og omsorg i samsvar med Lev Vel – prosjektet.

I planperioden vil tal årsverk verta redusert. Sjølv om reduksjon i antall årsverk så langt som mogeleg skal skje gjennom naturleg avgang og utan oppseiingar, vil mange kunne få endring i arbeidssituasjonen. Rådmann vil legge til rette for så gode løysingar som mogeleg for dei som vert råka.

## Læring, utvikling og innovasjon

Endringstakten i samfunnet og arbeidslivet aukar. Evne til innovasjon og nyskaping er nødvendig for å løyse komplekse utfordringar og knappheit på ressursar.

### Mål og satsingsområde 2017:

#### Organisasjonsutvikling og innovasjon

- Kontinuerleg forbetring (LEAN), gevinstrealisering, utvikling og innovasjon

Å legge til rette for utvikling og innovasjon blir viktig dei neste åra for å ruste oss for framtida. Gjennom kollektive prosessar i OU prosjekta har organisasjonen styrka si evne til nytenking, utvikling og innovasjon. Prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» i helse og omsorg er eit døme på det. Samfunnsendringar påverkar behov og rammevilkår. Organisasjonen må aktivt tilpasse og utvikle tenestene for å møte utfordringane. Å innføre og støtte opp om metodar og prosessar som fremmar utvikling og innovasjon i ulike delar av organisasjonen er ei satsing i 2016. Metodar for gevinstrealisering og kontinuerleg forbetring (LEAN) kan bidra til å effektivisere arbeidsprosessar og fjerne «tidstyvar» i saksbehandling og tenesteproduksjon.

#### Kompetanseutvikling

- Strategisk kompetanseplan

Kompetanse og fag er grunnmuren for prosjektet og for organisasjonen som tenesteyter og serviceorganisasjon. Menneska som utgjer organisasjonen er til ei kvar tid den viktigaste ressursen vi har for å løyse vår faglege hovudoppgåve. Kompetanse må utviklast og fornyast, framtida stiller nye krav til kunnskap og ferdigheit. Kommunen har over tid satsa på kompetanseheving både gjennom desentraliserte fagprogram og etter- og vidareutdanning. Vi vil utarbeide ein strategisk kompetanseplan for å samle og sikre heilskap i vår kompetanseutvikling.

#### Verksemdsstyring og kvalitetsutvikling

- Kvalitetssystem og HMT system, mål og resultatstyring

Gjennom OU prosjektet sine programområde er det arbeidd målretta og systematisk med å ruste organisasjonen, betre styringssystema og utvikle vår evne til mål og resultatstyring. Også neste år er dette eit satsingsområde for å fullføre arbeidet.

Internkontroll er nært knytt til verksemdsstyring og kvalitetsutvikling. Arbeidet med kvalitetssystem vert fullført neste år, revisjon av HMT systemet er planlagt.

#### Digitalt førsteval

- Elektronisk saksflyt internt og ekstern

Digitalt førsteval handlar om elektroniske prosessar internt i organisasjonen og eksternt med innbyggjarar og næringsliv. Tenester på nett, digitale innsynsløysingar, sikker digital kommunikasjon og gjenbruk av data er døme på dette. I eit stadig meir digitalisert samfunn er forventningane til kommunane å halde tritt med utviklinga elles. Vaksdal har tatt store steg dei siste åra, framover må vi utvikle dette vidare. Elektronisk saksflyt internt som reduserer saksbehandlingstid og effektiviserer arbeidsprosesser er andre døme.

#### Openheit og innsyn/Digital kommunikasjon med innbyggjarane

Kommunen ønskjer openheit og innsyn i forvaltninga. I dei siste åra er det tatt i bruk ny teknologi for å kunne imøtekomma dette på ein betre og sikrere måte. Det er også iverksatt tiltak for å styrke kompetansen i organisasjonen. Gjennom aukande digitalisering i samfunnet generelt er forventningane til innsyn og offentlegheit via digitale løysingar sterkt aukande. Kommunen må tilpasse seg denne utviklinga gjennom auka kompetanse og gode digitale løysingar.

## Arbeidsgjevarplattform

Vaksdal kommune si arbeidsgjevarpolitikk har viktige målsetjingar for personalområde:

- Kommunen skal framstå som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med myndiggjorte medarbeidarar.
- Sikre kommunen nødvendig kompetanse for å nå vedtekna mål.
- Utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Å stimulere til kreativitet og nytenking.
- Arbeida aktivt og systematisk med arbeidsgjevarspørsmål på alle nivå i organisasjonen.
- Å avklare rammevilkåra for dei tilsette

Rullering av arbeidsgjevarpolitikken vert starta opp hausten 2016 og vidareført i 2017.

Som arbeidsgjevar har ein plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfald – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Dette gir retning for kommunen sin rolle som samfunnsutviklar, tenesteyter og arbeidsgjevar.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høy etisk standard.

### Stillingar/årsverk

Tala er frå HRM systemet pr 31.12. Det vil alltid vere ein del variasjonar ift vikariat og vakante stillingar som ikkje er tatt med i tabellen.

|                       | 2013          |            | 2014          |            | 2015          |            |
|-----------------------|---------------|------------|---------------|------------|---------------|------------|
|                       | årsverk       | personar   | årsverk       | personar   | årsverk       | personar   |
| Rådmann/felles        | 23,31         | 30         | 23,95         | 33         | 25,1          | 31         |
| Skule                 | 78,31         | 99         | 74,02         | 92         | 68,52         | 86         |
| Barnehage             | 38,5          | 42         | 44,4          | 48         | 44,5          | 47         |
| Heimetenesta          | 69,6          | 98         | 65,67         | 92         | 59,29         | 82         |
| Sjukeheimstenesta     | 69,9          | 126        | 66,82         | 120        | 60,91         | 107        |
| Folkehelse og familie | 21,8          | 27         | 19,8          | 25         | 22,11         | 28         |
| Samfunnsutvikling     | 47,73         | 66         | 47,95         | 58         | 49,48         | 62         |
| <b>samla</b>          | <b>349,15</b> | <b>488</b> | <b>342,61</b> | <b>468</b> | <b>329,01</b> | <b>443</b> |

Kommunen har dei seinare åra hatt om lag 8 lærlingar fordelt på helse- og omsorgsfag (4) og barne- og ungdomsfag (4). Pr. 2016 er det også ein lærling innan kontorlag og ein ny lærling innan samfunnsutvikling. Kommunestyre har vedteke å auke talet på lærlingeplassar med 2 i 2016 og ytterlegare 2 i 2017. For å finansiere dette er det søkt om ekstra tilskot til lærlingar i 2016, for 2017 er det lagt inn i budsjettet.

### Arbeidsmiljø – HMS/IA

Vaksdal kommune har inngått IA avtale og har fokus på målsetnadane i IA arbeidet.

Verkemiddel i arbeidet:

- Kartlegging av arbeidsmiljø: Vernerundar, medarbeiderundersøking (kvart 2 år) mv.
- Handlingsplan sjukefråvær
- Lokale arbeidsmiljøgrupper
- Bedriftshelseteneste
- HMT system og verneteneste
- Partssamarbeid
- Dialog mellom legane, NAV og kommuneorganisasjonen
- Samarbeid med ulike kompetansmiljø

Arbeidsmiljøtvalet (AMU) er eit partssamansett utval md 8 medlemmer, fire frå arbeidstakersida og fire frå arbeidsgjevarsida. Oppfølging av IA –arbeidet er ein viktig del av utvalet sitt arbeid.

#### Handlingsplan sjukefråvær

AMU har vedtatt ein IA-handlingsplan for kommunen. Det skal m.a. utarbeidast handlingsplanar med konkrete aktivitets- og resultatmål på alle nivå. Partssamarbeid i IA – avtalen lokalt skal forankrast og samarbeidet med legane og NAV styrkast. Tidleg dialog, tettare oppfølging og betre koordinering ved tilrettelegging er fleire tiltak saman med arbeidsmiljøgrupper og kompetansehevingstiltak lokal

Målsetnaden om eit sjukefråver i den kommunale organisasjonen på 7 % vert vidareført. Sjukefråveret i kommunen har over tid vore for høgt og arbeid med å redusere sjukefråveret er prioritert i perioden.


Det er sett av kr 500.000,- til «Aksjon sjukefråver» i 2017, der mandat for bruk av midlar skal verte utarbeidd av AMU.

Sjukefråveret i kommunen pr 2.kvartal 2016:

| År   | 1.kv | 2. kv | 3.kv | 4.kv | samla |
|------|------|-------|------|------|-------|
| 2007 | 11,8 | 9,9   | 10,3 | 9,8  | 10,7  |
| 2008 | 11,4 | 8,8   | 6,6  | 7,9  | 9,1   |
| 2009 | 10,0 | 10,4  | 11,5 | 9,3  | 10,4  |
| 2010 | 9    | 7,6   | 7,8  | 9,7  | 8,9   |
| 2011 | 10,8 | 9,6   | 8,2  | 11,5 | 10    |
| 2012 | 11,5 | 9,1   | 5,8  | 8,4  | 8,8   |
| 2013 | 9,7  | 8,4   | 7,3  | 10,5 | 9,1   |
| 2014 | 11,4 | 10,9  | 9    | 11,8 | 11    |
| 2015 | 11,8 | 10,9  | 8,5  | 10,8 | 10,9  |
| 2016 | 11,2 | 9,7   |      |      |       |

Sjukefråveret i kommunal sektor er generelt høgt og aukande dei siste åra viser tal frå KS.

#### Utvikling i samlet sykefravær i kommuner og fylkeskommuner, 4. kvartal til 3. kvartal



### Kompetanse og rekruttering

Kravet til kompetanse aukar stadig innafor alle tenester og administrasjon. Gode kompetanseplanar og strategiar for stsystematisk kompetanseutvikling blir viktigare. For å sikre god rekruttering har kommunen ulike program for vidareutdanning og fagutdanningar. Generelt er det god søknad til faste stillingar i kommunen. Rekruttering av leiarar og tilsette med spesialistkompetanse er meir krevjande. Kommunen har mål om å auke tar lærlingar kvart år i perioden.


### Arbeidsmiljø og meistring

Medarbeidarundersøkinga skal gjennomførast i 2017. Målet er ein svarprosent på min 65%. Undersøkinga er lagt om frå tidlegare og legg vekt på meistring, motivasjon, medarbeidarskap og leiing (KS/Kommuneforlaget).

#### *Medarbeidarundersøking 2015 – hovudbilde*

- *Sett under eitt har vi godt nøgde arbeidstakarar i Vaksdal kommune*
- *Lik eller betre skår enn tidligare år i alle dimensjonar*
- *Generelt høg trivsel og godt samarbeid mellom kollegaer*
- *Tilsette er veldig nøgd med arbeidets innhald og meiner å mestre det godt*

#### *Mestrer du jobben din ut frå forventningane som stilles til deg?*



### **Mål og satsing for 2017**

- auke tal lærlingar i samsvar med vedtak
- gjennomføre ny medarbeidarundersøking etter ny metode
- revidere og samordne HMS systemet slik at kartleggingar og tiltak kan samlast i ein handlingsplan
- arbeide systematisk og målretta med sjukefråversarbeidet i kommunen gjennom bruk av forskings- og effektbaserte verkemidlar
- implementere ny arbeidsgjevarpolitikk

## Vedlegg 2. Kostra

Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standard. KOSTRA (Kommune-STat RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon til kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestemråde vert samanstilt for å gje relevant informasjon til beslutningstakarar, både lokalt og nasjonalt. Informasjon kan nyttast til analyse, planlegging og styring og til vurdering om mål vert oppnådd. KOSTRA gjer os moglegeheit til å samanlikna kommunen med andre kommunar og å sjå utvikling over tid.

Vi vel å samanlikne mot både Kommunegruppe 2 og 3.

|       |  |
|-------|--|
| Gr. 2 | Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter |
| Gr. 3 | Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter    |

Tabellane er utvalde rapporter frå SSB

### Finansielle nøkkeltal

|   | Vaksdal<br>2012 | Vaksdal<br>2013 | Vaksdal<br>2014 | Vaksdal<br>2015 | KG 02 2015 | KG 03 2015 | Hordaland<br>2015 | Landet<br>u/Oslo 2015 |
|---|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|------------|------------|-------------------|-----------------------|
| <b>Finansielle nøkkeltal</b>  |                 |                 |                 |                 |            |            |                   |                       |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsem         | 2,3             | 6,9             | -0,3            | 2,3             | 1,4        | 2          | 2,7               | 2,5                   |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsem          | 4,7             | 9,8             | 2               | 2,5             | 2          | 2,9        | 3                 | 2,9                   |
| Frie inntekter i kroner per innbygger, konsem                             | 53 610          | 55 549          | 57 273          | 57 562          | 56 285     | 57 824     | 49 056            | 49 776                |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsem              | 170,5           | 176,1           | 198,5           | 202             | 225        | 230,5      | 203,9             | 217,7                 |
| Arbeidskapital ex. premieawik i prosent av brutto driftsinntekter, konsem | 29,3            | 25,4            | 28,6            | 31              | 14,9       | 19,8       | 18,9              | 19,8                  |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsem                            | 37 508          | 41 251          | 47 859          | 49 093          | 67 525     | 78 312     | 54 960            | 62 112                |

Vaksdal kommune har generelt gode finansielle nøkkeltal. Kommunen har høge inntekter samanlikna med andre, og tilsvarande høgare driftsutgifter. Lånegjelda er relativt lav, men aukande.

### Utgift pr innbyggjar

|   | Vaksdal<br>2012 | Vaksdal<br>2013 | Vaksdal<br>2014 | Vaksdal<br>2015 | KG 02 2015 | KG 03 2015 | Hordaland<br>2015 | Landet<br>u/Oslo 2015 |
|---|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|------------|------------|-------------------|-----------------------|
| <b>Prioritering</b>   |                 |                 |                 |                 |            |            |                   |                       |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsem            | 87 058          | 90 858          | 110 629         | 124 148         | 127 851    | 137 861    | 134 673           | 130 606               |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsem | 14 413          | 14 544          | 14 025          | 13 935          | 14 415     | 15 535     | 12 692            | 12 617                |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsem        | 3 550           | 3 635           | 3 698           | 3 191           | 3 188      | 3 855      | 2 216             | 2 383                 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsem   | 26 836          | 29 236          | 29 698          | 28 971          | 19 902     | 21 229     | 15 940            | 16 198                |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsem           | 1 580           | 1 558           | 1 978           | 2 201           | 2 527      | 2 746      | 3 377             | 3 243                 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsem           | 4 769           | 4 843           | 4 662           | 6 792           | 9 458      | 10 208     | 8 202             | 8 331                 |
| Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsem          | 6 237           | 6 546           | 7 843           | 4 413           | 6 379      | 7 283      | 3 851             | 4 266                 |

Det har vore aukande driftsutgifter til barnehagar, men framleis har kommunen lavare utgifter pr innbyggjar 1-5 år. Dette kan mellom anna forklarast av at andelen barn med barnehageplass er lavare i Vaksdal kommune. Netto driftsutgifter til grunnskule er synkande, og er no lavare enn både kommunegruppe 2 og 3. Der relativt høge utgifter, som mellom anna kan forklarast med at det er mange eldre i kommunen. Det er lave, men aukande utgifter til sosialtenesta og barneverntenesta

## Dekningsgrader

| Dekningsgrad  | Vaksdal 2012 | Vaksdal 2013 | Vaksdal 2014 | Vaksdal 2015 | KG 02 2015 | KG 03 2015 | Hordaland 2015 | Landet u/Oslo 2015 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|------------|------------|----------------|--------------------|
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass                                      | 82,9         | 82           | 87,3         | 82,3         | 90,2       | 89,8       | 91,1           | 91                 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning                    | 16,7         | 17,4         | 10,3         | 9,1          | 8,9        | 10,1       | 7,6            | 7,9                |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten                   | 10,8         | 10,7         | 10,8         | 10,7         | 12,9       | 13,8       | 10,1           | 10,5               |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten           | 8,7          | 8,7          | 8,7          | 9,9          | 10,5       | 10,2       | 8,5            | 9,1                |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner                   | 100          | 100          | 100          | 100          | 96,4       | 93         | 93,4           | 94,7               |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon              | 16,2         | 13,9         | 16           | 17,2         | 13,7       | 15,5       | 14,4           | 13,2               |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 3,6          | 4            | 3,9          | 3,9          | ..         | ..         | ..             | 3,9                |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år                   | 5,9          | 4,6          | 5,2          | 5,9          | :          | :          | 4,2            | 4,8                |
| Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.      | :            | 2            | 2            | 2            | 111        | 170        | 29             | 45                 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere                          | 34           | 27           | 29           | 29           | 25         | 28         | 19             | 21                 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere                       | 0,19         | 0,19         | 0,24         | 0,15         | ..         | ..         | 0,71           | 0,71               |

Dekningsgraden viser kor stor del av målgruppene som får denne teneste, og korleis kommunen er dekket innfor ulike tenester.

## Produktivitet

| Produktivitet/enhetskostnader  | Vaksdal 2012 | Vaksdal 2013 | Vaksdal 2014 | Vaksdal 2015 | KG 02 2015 | KG 03 2015 | Hordaland 2015 | Landet u/Oslo 2015 |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|------------|------------|----------------|--------------------|
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern                               | 121 637      | 132 225      | 146 249      | 173 844      | 170 926    | 183 969    | 191 060        | 178 464            |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev, konsern | 121 540      | 127 244      | 122 813      | 122 894      | 122 845    | 134 533    | 109 806        | 108 046            |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn   | 12,3         | 13,4         | 13,2         | 13,9         | 12,5       | 11,2       | 14,9           | 14,1               |
| Korrigerte brutto driftsutg. pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern                               | 199 263      | 205 748      | 229 638      | 219 814      | 217 241    | 218 463    | 247 440        | 237 965            |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern                                     | 898 027      | 914 662      | 867 257      | 1 053 714    | ..         | 1 088 334  | 1 004 436      | 1 050 987          |
| Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)   | 2 778        | 2 778        | 2 778        | 3 073        | 3 811      | 3 549      | 3 876          | 3 381              |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)                                       | 2 036        | 2 239        | 2 402        | 2 636        | 4 227      | 3 513      | 3 485          | 3 784              |
| Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)                                      | 1 840        | 1 520        | 1 835        | 1 760        | 2 404      | 2 701      | 2 380          | 2 616              |
| Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager                                   | ..           | ..           | 70           | ..           | ..         | ..         | 318            | 233                |
| Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager                                  | 68           | ..           | 54           | 44           | ..         | ..         | 45             | 51                 |
| Bto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate, konsern   | 86 057       | 83 000       | 96 455       | 100 307      | 78 559     | 89 852     | 157 638        | 127 056            |
| Lovanvendelse  | 100          | ..           | 100          | 100          | 97         | 95         | 94             | 95                 |
| Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.   | 100          | ..           | 100          | 100          | 97         | 95         | 94             | 95                 |
| Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent                                    | 100          | ..           | ..           | ..           | ..         | ..         | ..             | 84                 |

Produktivitet viser kostnad pr eining, og viser kor effektivt kommunen driv sine tenester.



## Vedlegg 3. Betalingsatsar 2017

Det er ei generell prisauke på 3%

### *Feie – og tilsynsgebyr*

Kr 520,- pr. pipe inkl. mva.

For røykpipe med to pipeløp skal feie- og tilsynsgebyret vera 1,5 gonger gebyret for ei pipe.

Innan tenesta feiing og tilsyn, har kommune opparbeidd eit bunde driftsfond som må nyttast til å redusere gebyret for 2017. Det vil ein gjennomføre komande året ved at ingen abonnentar vert fakturert for tredje termin.

### *Slamgebyr*

Gebyr for tømning av slamavskiljar:

| Tank våtvolum  | Gebyr inkl. mva |
|--|-----------------|
| 0,1 til 4 m <sup>3</sup>                                   | Kr 964,-        |
| 4,1 til 8,0 m <sup>3</sup>                                 | Kr 1.630,-      |
| > Større enn 8,0 m <sup>3</sup> (pris per m <sup>3</sup> ) | Kr 255,-        |
| Hytter/Fritidshus  | Kr 482,-        |

For bustader - tømmeffrekvens: Slamavskiljaren skal tømast annakvart år, medan gebyret vert å krevja innårleg.

For hytter - tømmeffrekvens: Slamavskiljaren skal tømast kvart fjerde år, medan gebyret vert å krevja inn årleg

|                       |
|-----------------------|
| Vass- og avlaupsgebyr |
|-----------------------|

**Abonnementsgebyr**

| Abonnements kategori                                | Vatn<br>Pris/abonntent<br>Eks.mva. | Vatn<br>Pris/abonntent<br>Inkl.mva. | Avlaup<br>Pris/abonntent<br>Eks.mva. | Avlaup<br>Pris/abonntent<br>Inkl.mva. |
|---|------------------------------------|-------------------------------------|--------------------------------------|---------------------------------------|
| <b>Bustad</b>                                       |                                    |                                     |                                      |                                       |
| Frittstående bueiningar < 60 m <sup>2</sup>         | Kr .1.242,-                        | Kr. 1.552,-                         | Kr. 924,-                            | Kr. 1.155,-                           |
| Bueiningar i<br>fleirbustad/kombinerte bygg         | Kr. 1.419,-                        | Kr. 1.774,-                         | Kr. 1.056,-                          | Kr. 1.320,-                           |
| Frittstående bueiningar > 60 m <sup>2</sup>         | Kr. 1.774,-                        | Kr. 2.218,-                         | Kr. 1.320,-                          | Kr. 1.650,-                           |
| <b>Næring</b>                                       |                                    |                                     |                                      |                                       |
| Anna næring/verksemd                                | Kr. 1.774,-                        | Kr. 2.218,-                         | Kr. 1.320,-                          | Kr. 1.650,-                           |
| Offentlege bygg<br>(Adm.bygg, skular, barnehagar)   | Kr. 3.548,-                        | Kr. 4.435,-                         | Kr .2.640,-                          | Kr. 3.300,-                           |
| Sevicenæring<br>(overnatting og servering)          | Kr. 5.322,-                        | Kr. 6.653,-                         | Kr. 3.960,-                          | Kr. 4.950,-                           |
| Institusjonar (sjuke-<br>/pleieheimar, omsorgsenter | Kr. 7.096,-                        | Kr. 8.870,-                         | Kr. 5.280,-                          | Kr. 6.600,-                           |
| Våtnæring (tekstil)                                 | Kr. 8.870,-                        | Kr. 11.088,-                        | Kr. 6.600,-                          | Kr. 8.250,-                           |

**Forbruksgebyr**

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris, sjå nedanfor.

**Einingspris**

| Forbruksgebyr | Einingspris per/m <sup>3</sup> eks.mva. | Einingspris per/m <sup>3</sup> inkl.mva. |
|---------------|---|--|
| Vatn          | 9,02                                    | 11,28                                    |
| Avlaup        | 9,14                                    | 11,43                                    |

**Leige av vassmålar**

|   |                         |                         |
|---|-------------------------|-------------------------|
| Årleg leige/gebyr pr. installert målar<br>dim Ø t.o.m 1" (toms):      | Eks. mva.<br>Kr. 250,00 | Inkl.mva.<br>Kr. 312,50 |
| Årleg leige/gebyr pr. installert målar<br>dim Ø større enn 1" (toms): | Eks.mva.<br>Kr. 500,00  | Inkl.mva.<br>Kr 625,00  |

**TILKNYTINGSGEBYR**

Ein fast sum vert lagt til grunn for eingongsgebyret.

| Tilknytingsgebyr | Gebyr eks. mva | Gebyr inkl. mva |
|------------------|----------------|-----------------|
| Vatn             | Kr. 12.500,00  | Kr. 15.625,00   |
| Avlaup           | Kr. 12.500,00  | Kr. 15.625,00   |

*Barnehage*

Barnehagesatsane for 2017 vert justert i samsvar med Statsbudsjettet 2017. For delte plassar er det eit tillegg på kr 50,-

Satsane er pr. mnd – 11 månader i året.

*Skulefritidsordning*

Foreldrebetaling i skulefritidsordningane for våren 2017:

Timepris kr 29,-

Det er eit tillegg på kr 56,- for delte plassar.

Det kan kome endringar i betalingsattsane frå hausten 2017 (neste skuleår)

*Vaksdal kulturskule*

|   |   |
|---|---|
| Elevplass (pr år)                           | 2 650                                   |
| Materialkostnadar (pr år)                   | opptil kr 420                           |
| Materialkostnadar visuelle kunstfag (pr år) | 745                                     |
| Søskenmoderasjon                            | 20% rabatt for søsken av fullpriselevar |
| Rabatt for fleire disiplinar                | 20% rabatt på tilleggsdisiplinar        |
| Kortkurs 4 veker                            | 530                                     |
| Kjøp årstimar barn                          | 8485                                    |
| Kjøp årstimar vaksne                        | 19 300                                  |

*Folkebadet / Helsebadet*

| <u>Folkebadet:</u> |              |     |
|--------------------|--------------|-----|
| -                  | Vaksne       | 85  |
| -                  | Barn         | 35  |
| -                  | Pensjonistar | 55  |
| -                  | Familie      | 155 |
| <u>Helsebadet:</u> |              |     |
| -                  | Vaksne       | 85  |
| -                  | Barn         | 35  |
| -                  | Pensjonistar | 55  |

|  |
|--|
| <i>Utleige av gymsal, klasserom og samfunnssal</i> |
|--|

|   | Dale       |             |         | Stanghelle |           |
|---|------------|-------------|---------|------------|-----------|
|   | Dalehallen | Dalekjellar | Basseng | Samf.sal   | U-lokalet |
| <b>Innanbygds;</b>                        |            |             |         |            |           |
| - Private                                 | 1325       | 1325        |         | 1325       | 665       |
| - Lag / org.                              | 665        | 665         | 560     | 665        | 505       |
| - Lag / org. (aktivitet for born og unge) | 320        | 320         | 265     | 320        | 320       |
| - Innteksgjevande                         | 4245       | 3195        |         | 4245       | 3195      |
|   |            |             |         |            |           |
| <b>Utanbygds;</b>                         |            |             |         |            |           |
| - Ikkje inntektsgj.                       | 2225       | 1700        | 2785    | 2225       | 1115      |
| - Innteksgjevande                         | 6370       | 4245        |         | 6370       | 4245      |

|   | Vaksdal  |           | Alle skular |        | Barnehagar |
|---|----------|-----------|-------------|--------|------------|
|   | Samf.sal | U-lokalet | Klasserom   | Gymsal | Fellesrom  |
| <b>Innanbygds;</b>                        |          |           |             |        |            |
| - Private                                 | 1325     | 665       | 115         | 560    | 560        |
| - Lag / org.                              | 665      | 505       | 115         | 275    |            |
| - Lag / org. (aktivitet for born og unge) | 320      | 265       | 55          | 160    |            |
| - Innteksgjevande                         | 4245     | 3195      | 425         | 2125   |            |
|   |          |           |             |        |            |
| <b>Utanbygds;</b>                         |          |           |             |        |            |
| - Ikkje inntektsgj.                       | 1670     | 1115      | 275         | 850    | 850        |
| - Innteksgjevande                         | 6370     | 4245      | 1065        | 3195   |            |

Samfunnssalane og Dalehallen vert rekna som gymsal, måndag – fredag for faste leigetakarar – leigetakarar med ein aktivitet på minst 1 tilskiping/møte pr. 14.dag. Dei betaler ½ pris på dei andre lokala utanom klasserom laurdag-sundag.

Bruk av bygga til overnatting: kr 665,- til kr 2 225,- i høve utleigd areal til organisasjonar som driv for born og unge, elles kr 1 670,- til kr 4 455,-

Lag og organisasjonar som driv aktivt med aktivitetar for born og unge betalar redusert leige.

\*For Dalekjellaren og hallen må betalast eit depositum på kr 1 000 som vert attendebetalt når nøklane er levert attende og lokala er sjekka.

Utleigearealet på skulane er tilgjengeleg for faste leigetakarar;

- i skuleåret
- i skulens haustferie
- i skulens vinterferie
- på planleggingsdagar

Utleigearealet på skulane er ikkje tilgjengeleg i skulen sin sumarferie, juleferie og påskeferie.

Samfunnssalane kan leigast ut til særskilde arrangement.

*Fleirbrukshallen Turbinen*

| <b>Fleirbrukshallen Turbinen</b>      | <b>Pris pr time</b> |
|---------------------------------------|---------------------|
| Leige av heil hall – vaksne           | 315                 |
| Leige av del av hall - vaksne         | 160                 |
| Leige av heil hall - born og ungdom   | 105                 |
| Leige av del av hall - born og ungdom | 50                  |
| Leige av Sosialrom                    | 210                 |
| Leige av Danserom - vaksne            | 105                 |
| Leige av Danserom - born              | 50                  |
| Leige av Spinningrom                  | 50                  |

Øvrige satsar i Fleirbrukshallen:

| <b>Fleirbrukshallen Turnbinen - tilfeldig leige</b>                                    | <b>Innanbygds</b>                                      | <b>Utanbygds</b>                            |
|--|--|---|
| Leige av hallen til tilstelningar som ikkje krev ekstra reinhald                       | 315 pr time hallen vert disponert (halv pris for born) | 420 pr time hallen vert disponert           |
| Leige av sosialrom eller kafe m/tilgang til kjøkken (utan alkoholserving)              | 2 110 pr døgn  | 3 175 pr døgn                               |
| Leige av sosialrom til møter på ettermiddag/kveld                                      | 210 pr møte  | 315 pr møte                                 |
| Leige av kafe. Tilgang til kjøkken og toalett i ein av gardrobane (med alkoholserving) | 3 690 pr døgn  | 5 275 pr døgn                               |
| Leige av hallen til dansearrangement (med alkoholserving)                              | 10 550 + 10% av overskot                               | 21 100 + 10% av overskot                    |
| Leige av hallen som krev heile hallen over fleire dagar (utan alkoholserving)          | 2 110 pr døgn + 10% av overskot over 10 550            | 3 175 pr døgn + 10% av overskot over 10 550 |

*Husleige kommunale bustader*

Husleige i kommunale bustader vert justert innafor rammene av husleigelova. Ved oppgradering m.v. vert husleiga fastsett til marknadspris

|                                   |
|-----------------------------------|
| <i>Betaling for heimetenester</i> |
|-----------------------------------|

**Tryggleiksalarmar:**

|   |                   |
|---|-------------------|
| Eigenbetaling for tryggleiksalarmar         | kr 296,- pr. mnd. |
| - for minstepensjonistar, inntekt inntil 2G | kr 196,- pr. mnd. |

**Betaling for heimehjelp:**

| G-sats frå 01.05.16 | Maks inntekt:  | Abonnementspris: | Timepris: |
|---------------------|----------------|------------------|-----------|
| Inntil 2G:          | 185.152,-      | kr 190,-         | kr 63,-   |
| 2G - 3G:            | 277.728,-      | kr 672,-         | kr 112,-  |
| 3G - 4G:            | 370.304,-      | kr 1.164,-       | kr 194,-  |
| 4G - 5G:            | 462.880,-      | kr 1.644,-       | kr 274,-  |
| Over 5G:            | over 462.880,- | kr 2.040,-       | kr 340,-  |

Det vert krevd kr 20,- i tillegg pr. oppdrag for praktisk bistand til dekning av reingjeringsutstyr og vaskemiddel.

Det er sist tilgjengelege skattelikning basert på huslyden si samla skattbare inntekt før særfrådrag som vert lagt til grunn for utrekning av inntekta. Til inntekta vert og lagt hjelpestønad frå folketrygda til hjelp i heimen. Omsorgsløn skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget. Til huslyden reknar ein berre ektefelle/sambuar og i tillegg born under 18 år dersom hjelpa vert ytt på grunnlag av barnet sitt omsorgs- og/eller pleiebehov.

Abonnementspris pr. mnd. vert nytta når vedtaket gjeld tildeling av tenester på 6 timar eller meir pr. mnd. Timepris vert nytta når det etter vedtak vert tildelt mindre enn 6 timar pr. mnd. For minstepensjonistar med inntekt inntil 2G, vert ab.pris nytta når vedtaket gjeld heimehjelp i 3 timar eller meir pr. mnd. Ved mindre enn 3 t. hjelp pr. mnd., vert prisen kr 67,- pr. time.

**Betaling for dagsenter vert som følgjer:**

|                                       |                  |
|---------------------------------------|------------------|
| Betaling i dagsenter, utan transport: | kr 138,- pr. dag |
| Med transport ein veg                 | kr 158,- pr. dag |
| Med transport begge vegar             | kr 179,- pr. dag |

**Betaling for mat til heimebuande:**

|  |                    |
|--|--------------------|
| Middagsombringning og middag i kantine | kr 95,- pr. middag |
| Frokost/kvelds                         | kr 49,- pr. måltid |

Bestilte middagar må avbestillast seinast 14 dagar før siste levering. Det vert ikkje gitt frådrag for korte fråvær som sjukehusopphald og liknande.

**Betaling for ambulerande vaktmeisterteneste som ikkje er lovpålagt, inkl. køyring:**

kr. 317,- pr. time

**Korttidsopphald på tryggleiksplass (ny teneste) :**

Leige rom: kr 150,- pr. døgn  
Mat: kr 200,- pr. døgn



---

# Notat

---

Til Truls Morten Kaland  
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Willy Andre Gjesdal  
Vår referanse: 14/1860 - 16/7232 / FE - 205, FA - L00  
Dato: 12.10.2016

---

## Emne: GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLPOVA, MATRIKKELLOVA MM. FOR 2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova § 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta vert å kunngjere lokalt.

### Saksopplysningar:

Vaksdal kommune har frå 2014 felles mal for gebyrforskrift for plan- og byggesaker, kart og delingssaker med kommunar i Nordhordlandssamarbeidet.

I følgje regelverket skal kommunen dokumentere om krav til sjølvkost er tilfredsstilt. Det vil mellom anna seie at eit eventuelt overskot skal setjast av i fond til seinare bruk.

Sjølvkostrekneskapen for 2015 viser at Vaksdal kommune tar inn mindre i gebyr for sakshandsaming enn kostnadene våre:

| Teneste            | Driftskostnader<br>1000 kr | Driftsinntekter<br>1000 kr | Subsidiering<br>1000 kr | Inndekningsgrad |
|--------------------|----------------------------|----------------------------|-------------------------|-----------------|
| Plansak            | 224                        | 50                         | 174                     | 22 %            |
| Byggjesak          | 770                        | 626                        | 144                     | 81 %            |
| Kart- og oppmåling | 833                        | 572                        | 261                     | 69 %            |

Gjennomsnittsgebyr for sakshandsaming i 2016 for 5 av kommunane med felles gebyrmaal er:

| Kroner         | Meland | Lindås | Osterøy | Radøy | Vaksdal | Snitt |
|----------------|--------|--------|---------|-------|---------|-------|
|                | 8 149  | 9 152  | 8 782   | 7 021 | 6 566   | 7 635 |
| Del av dyraste | 89 %   | 100 %  | 96 %    | 77 %  | 72 %    | 87 %  |



Lindås kommune har høgast gebyr med eit gjennomsnittsgеbyr på 9 152 kroner, medan Vaksdal har lågast gebyr med kroner 6 566 i gjennomsnitt. Gebyr for sakshandsaming er fritеken meirverdigavgift.

I forslaget til gebyr for 2017 er gebyrsatsane harmonisert mot dei andre kommunane. Dette betyr at for nokre område er gebyra redusert eller uendra, medan dei er auka for andre område. Vidare så har vi i forslaget for 2017 gebyr lagt oss på nivået i Radøy i 2016.

Gebyra aukast i snitt med 8,5 %, gjennomsnittsgеbyret for 2017 vert med dette 7 127 kroner.

**Svar på spørsmål etter Formannskapet sitt budsjettseminar 24-25.10****Bruk av konsulenttenester**

Bruk av konsulenttenester innafor drift er jamnt dei siste åra. I 2014 og 2015 vart det nytta henholdsvis kr 2.639.654,- og kr 2.855.627,-. Pr september-16 er det nytta kr 2.155.271,-, og framskriving av dette vert om lag 2.875.000,- for heile 2016

Forbruk fordelt på ulike tenester viser følgjande:

| Teneste         | Teneste(T)                                       | 2016             |
|-----------------|--|------------------|
| 244             | BARNEVERN TENESTE                                | 539 745          |
| 251             | BARNEVERNSTILTAK I FAMILIEN                      | 409 165          |
| 360             | NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV                  | 365 683          |
| 120             | ADMINISTRASJON (ADM. STYRING OG LEIING)          | 316 396          |
| 110             | KONTROLL OG REVISJON                             | 129 501          |
| 252             | BARNEVERNSTILTAK UTANFOR FAMILIEN                | 84 412           |
| 202             | GRUNNSKULE (OPPLÆRING AV BORN I GRUNNSK.)        | 48 130           |
| 100             | POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER              | 44 075           |
| 275             | INTRODUKSJONSORDNINGEN                           | 40 766           |
| 345             | DISTRUBUSJON AV VANN                             | 35 443           |
| 353             | AVLAUPSNETT/INNSAMLING AV AVLAUPSVANN            | 29 443           |
| 302             | BYGGESAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING          | 26 085           |
| 242             | SOSIAL RÅDGJEVING OG VEGLEIING                   | 25 645           |
| 301             | PLANSAKSHANDSAMING                               | 15 000           |
| 241             | DIAGNOSE, BEHANDLING, REHABILITERING             | 14 255           |
| 180             | DIVERSE FELLESGIFTER                             | 9 000            |
| 335             | REKREASJON I TETTSTAD                            | 7 613            |
| 303             | KART OG OPPMÅLING                                | 6 025            |
| 383             | MUSIKK- OG KULTURSKULE                           | 4 800            |
| 234             | AKTIVISERING ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA             | 1 990            |
| 232             | FØREBYGGING, HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE | 1 260            |
| 201             | FØRSKULE (OPPHALD OG STIM. F/FØRSKULEBORN)       | 840              |
| <b>Totalsum</b> |  | <b>2 155 271</b> |

Følgjande forklarar i overkant av 90% av det som er nytta i 2016:

- Det er nytta kr 1.033.322,- til barnevern, noko som utgjør 48% av totalforbruket. Dette er både kjøp av kompetanse i påvente av rekruttering barnevernsleiar, sakkunnige vurderingar og advokatutgifter i nemnd.
- Til naturforvaltning er det nytta kr 365.683,-, noko som utgjør 17% av totalforbruket. Dette er i hovudsak utgifter til Ekso kalkingsanlegg og Voss-Osterfjord vassområde.
- Til administrasjon er det nytta kr 316.396,-, noko som er 15% av totalforbruk. Dette er i hovudsak forvaltningshonorar til Bergen Capital Management samt rekrutteringsutgifter kr 50.000.
- Det er nytta kr 129.501,- til revisjonstenester, dette er 6% av totalforbruk. Revisjonstenester består av generell revisjon, attestasjonsoppgåver knytt til diverse tilskot/refusjonar og forvaltningsrevisjon.
- Til grunnskule er det nytta kr 48.130,- til PPT, dette er 2% av totalforbruk. Dette er kjøp av psykologtenester knytt til utredningar.
- Det vart nytta kr 44.075,- til innbyggjarundersøking i samband med kommunereforma. Dette er 2% av totalforbruk.
- Til introduksjonsordningar er det tolketenester på kr 40.766,-, noko som er under 2% av totalforbruk.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**


Org.nr. 961 821 967

## SJUKEFRÅVÆR – OPPDATERTE TAL OG KOSTNADER


Sjukefråvær pr 31.10.2016 er 10%. Fordelt på måneder er vist under (litt usikre oktober-tal)

|                       | Jan  | Feb  | Mar  | Apr  | Mai  | Jun  | Jul  | Aug  | Sep  | Okt  |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Barnehage             | 12,1 | 16,9 | 10,9 | 11,3 | 12,8 | 12,7 | 5,9  | 4,5  | 4,9  | 5,8  |
| Skule                 | 7,9  | 7,7  | 9,2  | 11,0 | 11,4 | 4,7  | 2,5  | 2,0  | 3,1  | 2,0  |
| Folkehelse og familie | 2,1  | 5,0  | 6,7  | 2,4  | 5,2  | 3,8  | 3,5  | 3,4  | 7,6  | 7,8  |
| Samfunnsutvikling     | 10,8 | 11,9 | 13,0 | 9,4  | 7,2  | 5,1  | 6,2  | 8,4  | 8,5  | 11,6 |
| Heimeteneste          | 12,0 | 14,2 | 15,0 | 16,1 | 14,0 | 17,2 | 14,7 | 15,6 | 15,2 | 11,2 |
| Sjukeheimsteneste     | 12,8 | 14,1 | 13,0 | 15,4 | 15,0 | 15,1 | 12,5 | 15,7 | 15,3 | 12,8 |
| Rådmann *)            | 5,1  | 7,9  | 11,5 | 7,7  | 4,8  | 4,3  | 5,9  | 4,7  | 5,4  | 3,7  |

Samla viser tala at fråværet er redusert i 2.halvår.



Utvikling i samlet sykefravær i kommuner og fylkeskommuner, 4. kvartal til 3. kvartal. (KS)




For kommunene i 1.kvartal2016 var det totale sykefraværet på 10,0 prosent. Det er sykefraværet utenfor arbeidsgiverperioden som øker både i kommuner og fylkeskommuner (KS).

Kva kostar sjukefråværet ?

Eksakt kostnad er vanskeleg å berekne, ulike modeller kan nyttast for å beregne kostnader. Fråvær dagsverk i 2015 er 9203, tilsvarande tal pr oktober 2106 er 6722. Dersom vi legg til grunn ein snitt årsløn inkl sos.avgifter, er dette omlag kr 600.000,- pr år. Dette vert då kr 2.608,- pr dag. Om me legg til grunn 230 arbeidsdagar blir det  $2.608 \times 9203 = 24$  mill. Mottatt refusjon frå NAV var 12,1 mill i 2015. Tilsvarande for 2016 er 17,5 mill pr oktober med regnskapsført refusjon om lag 9 mill.

Kostnaden som er utrekna er ikkje den kostnaden som kjem fram i den kommunale rekneskapen, dette er modellar som ikkje fangar opp alle forhold. Det er t.d ikkje mogeleg på ein enkel måte å avgjere kor stor del av overtid som er knytt til sjukefråvær (på avdelingsnivå er det lettare å kunne analysere dette). Deler av fråværet vert ikkje erstatta av vikar, noko som kan gje produksjonstap. Bruk av sjukevikar kan skje til lavare lønsnivå enn den sjukemeldte, eller bruk av annan kompetanse med lavare lønsnivå. Bruk av overtid eller innleige frå vikarbyrå gir høgare lønskostnader. Bruk av vikar skjer fortrinnsvis på skule, i barnehage, innan pleie- og omsorg og innan delar av samfunnsutvikling.



### **BRUK AV VIKARBYRÅ INNAN SJUKEHEIMSTENESTA OG HEIMETENESTA I 2016.**


Bruken av vikarbyrå er så langt i 2016 noko lågare enn samanlikna med 2015. Snittet for 2015 var på 922 timar kvar månad. Dette svarer til om lag 6,5 årsverk. Tilsvarande tal for jan-sept 2016 er 640 timar, d.v.s. 4,5 årsverk. Om sommarferien vert holden utanfor, vert snittverdien til no i 2016 på 489 timar, tilsvarande 3,4 årsverk.

Sommarferieavviklinga har historisk bydd på store rekrutteringsutfordringar, og ein har brukt vikarbyrå for å sikra nok bemanning og fagleg forsvarlegheit. Innføring av årsturnus i tenesteområdet i 2017 vil truleg dempa trongen noko, men det vil også i 2017 verta nytta vikarbyrå, særleg kring sommarferieavviklinga. Med halvparten av dei tilsette ute i ferie i tillegg til anna fråvær, permisjonar og sjukefråvær, vert det svært vanskeleg å sikra nok bemanning og fagleg forsvarlegheit utan vikarbyrå. Fråvær på natt, særleg langvarig fråvær, er også vanskeleg å dekkja inn utan byrå. Grunnen til at bruken av vikarbyrå var høg i 2015, var m.a. to ledige sjukepleiarstillingar på natt.

Kostnadmessig ligg vikarbyrå om lag på nivå med 100 % overtid. Fagleg er det ønskjeleg å nytta egne tilsette som kjenner rutiner, brukarar og lokale tilhøve. Byrå vert derfor kun nytta som siste utveg.

Bruken pr. oktober 2016 ligg på litt under 2 årsverk, 1 i heimesjukepleien og 1 på Vaksdal sjukeheim. Det er planar om å få tilsette i kommunen inn i begge desse årsverka i løpet av hausten. Innan heimetenesta har bruken av vikarbyrå vorte mykje redusert i haust p.g.a. at tilsette frå sjukeheimstenesta har gått inn i ledige stillingar.


### Timar 2015



### Økonomi 2015

|                 | jan            | feb            | mar            | apr            | mai            | juni           | jul            | aug            | sep            | okt            | nov           | des            | Sum 2015         |
|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|----------------|------------------|
| Elvevegen       |                |                |                |                |                |                |                |                |                |                |               |                | -                |
| Daletunet       | -              | 56 226         | 61 747         | 72 282         |                | 135 032        | 131 941        | 64 578         | 52 240         | 22 327         | 10 611        |                | 606 984          |
| Heimesjukepleie | 280 050        | 427 415        | 184 831        | 512 682        | 463 386        | 623 808        | 464 055        | 345 398        | 332 255        | 239 216        | 32 149        | 355 877        | 4 261 122        |
| Vaksdal SH      | 42 594         | 85 036         | 18 247         | 125 130        | 100 895        | 95 776         | 230 909        | 113 059        | 117 462        | 91 446         | 40 441        | 92 329         | 1 153 323        |
| <b>Totalsum</b> | <b>322 644</b> | <b>568 678</b> | <b>264 824</b> | <b>710 093</b> | <b>564 281</b> | <b>854 616</b> | <b>826 904</b> | <b>523 035</b> | <b>501 957</b> | <b>352 989</b> | <b>83 201</b> | <b>448 206</b> | <b>6 021 429</b> |

### Timar 2016



### Økonomi 2016

|                 | jan           | feb            | mar            | apr            | mai            | juni           | jul            | aug            | sep            | okt            | nov | des | Sum 2016         |
|-----------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|-----|-----|------------------|
| Elvevegen       |               |                |                |                |                |                |                | 35 525         | 34 295         |                |     |     | 69 820           |
| Daletunet       |               |                | 9 251          |                |                |                |                |                |                |                |     |     | 9 251            |
| Vaksdal SH      | 28 960        | 11 382         | 31 058         | 30 776         | 74 159         | 72 511         | 152 714        | 61 942         | 7 330          | 219 603        |     |     | 690 435          |
| Heimesjukepleie | 58 720        | 97 079         | 228 212        | 278 101        | 197 898        | 229 521        | 258 883        | 723 124        | 202 443        | 41 763         |     |     | 2 315 742        |
| <b>Totalsum</b> | <b>87 679</b> | <b>108 461</b> | <b>268 522</b> | <b>308 877</b> | <b>272 057</b> | <b>302 031</b> | <b>411 598</b> | <b>820 591</b> | <b>244 068</b> | <b>261 365</b> |     |     | <b>3 085 249</b> |

## OMRÅDEPLANER OG MOGELEGHEITSSTUDIE – BRUK AV NÆRINGSFOND

I budsjett 2017 er det gjort framlegg om å nytte kr 400.000,- til ei moglegheitsstudie for Bergsdalen. Dette er foreslått finansiert over investeringsbudsjettet, gjennom låneopptak. Bakgrunn for moglegheitsstudie er vedtak i KST sak 32/2016

Det er i dag i overkant av 14 mill disponibelt på Næringsfondet.

|   |                      |
|---|----------------------|
| BALANSE PR 31/12-2015   | 20 510 626,36        |
| Løvyt i budsjett 2016   | -1 675 000,00        |
| Budsjettert tilføring av konsesjonsavgifter til fondet i 2016 | 3 100 000,00         |
| Ikkje brukt eller utbetalt av tidlegare vedtak                | -1 973 732,99        |
| Grunnkapital  | -5 900 000,00        |
| <b>Netto disponibelt</b>                                      | <b>14 061 893,37</b> |

Løyvingar i budsjett 2016 er overføring til Vaksdal Næringssselskap på kr 1.000.000,-, renter/avdrag Daletunet på kr 375.000,- og stimuleringstilskot på kr 300.000,-

Det er fastsett vedtekter for kommunale næringsfond (kraftfond) gjevne i vasskraftsaker i sak 27/99

### § 2 Formål

*«Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsfremål. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak. Prosjekt som medverkar til betre moglegheiter for sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast.*

*Følgjande typar av prosjekt vil vere aktuelle å støtte:*

- kommunalt tiltaks- og næringsarbeid
  - fysisk tilrettelegging for næringsverksemd
  - verksemdsutvikling
  - investeringar i verksemd
- Løn til næringskonsulent/-sjef kan finansierast av fondet.*

*Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til løpande drift av verksemd og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemd som mottek store overføringar over statsbudsjettet. Midlar frå fondet kan kun nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.*

*Gjeldande Strategisk Næringsplan vil vere grunnlag for prioritering av prosjekt.*

*Næringslivet i kommunen må trekkjast aktivt med i arbeidet ved rullering av næringsplanen.*

*Næringsplanen skal ha ein strategi for kvinne- og ungdomsretta tiltaksarbeid.»*

### §6 Forvaltning

*«Kommunestyret oppnemner fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerdsmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærare fastsette fullmaktsgrenser. Slikt mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følg av kommunelova sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskapsforskrifter.*

*Fondsmidlane vert plasserte på rentebærande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag vert attendeført til fondet. Anna plassering av midlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.*

*Budsjettet og rekneskapen (inkl. balanserekneskapen) skal vera integrert i kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter. Det bør også utarbeidast vedlegg til rekneskapen som viser ei samla oppstilling av inntekter og utgifter til fondet.*

*Når det gjeld klageadgang vert det vist til punkt 4 i rundskriv H-17/98 frå kommunal og regionaldepartementet.»*

Det er Kommunestyre som gjennom årlege budsjettvedtak set av konsesjonsavgifta til bundne fond og tilsvarende bruk av bundne avsetjingar. Dette gjeld både det som vert finansiert over driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Næringsfondet er eit bunde driftsfond. Bundne driftsfond kan nyttast til både drift og investering. Ei mogelegheitsstudie for Bergsdalen skal sjå på potensialet for Bergsdalen i eit næringsperspektiv, eit folkehelseperspektiv og eit samfunnsperspektiv. Vedtektene gjev vide mogelegheiter for bruk av fondet, og fondet har tidlegare vore nytta til tilsvarende arbeid.

## **BRUK AV FOND VS LÅN**

Ved lav risiko er det generelt slik at rentekostnader ved lån er høgare enn renteinntektene ved plassering. Plassering i aksjer og obligasjonar kan gje vesentleg høgare avkastning, men også tap.

I den kommunale rekneskapen vert både renter og avdrag for lån ført i driftsrekneskapen. Nedbetalingstida for lån er avhengig av veid levetid på varige driftsmidler, og vi kan legg til grunn at denne er om lag 25 år. Ved lave renter utgjer avdragsdelen relativt større del av lånekostnaden. Ved aukande renter vil rentene utgjere meir av lånekostnaden. Tilsvarende vil sjølvsagt avkastninga stige ved aukane rentenivå.

Avkastning aksjer/obligasjonar siste 3 år har vore hhv 1,85%, -0,26% og 1,92% i 2014, 2015 og 2016. Snitt rente på lån i pr i dag er 1,6%.

Dersom vi legg til grunn eit lån på 5 mill med nedbetaling over 25 år vil gjennomsnittleg årlege renter og avdrag vere kr 242.000,- med ei rente på 1,6%. Dersom vi legg til grunn ei gjennomsnittleg avkastning på 1,9% vil bruk av fond redusere avkastninga med kr 120.000,- i snitt pr år. I denne situasjonen vil det då vere økonomisk gunstig å bruke fond.

Ved aukane rente- og avkastningsnivå vil det kunne vere gunstig å lånefinansiere framfor å redusere avkastninga på plasserte midler. Dersom vi legg til grunn både 4% rente og 4% avkastning vil gjennomsnittlege renter og avdrag i dette eksemplet vere kr 304.000,-, medan avkastning i snitt vil vere kr 333.000,- pr år.

## KULTURSKULE

### Brukarbetaling kulturskule 2016

- brukarbetaling for enkeltelevar på 2575 kr i året
- For elevar som kjøper plass på ulike disiplinlar har me fleirfagsrabatt, og for familiar med fleire born i kulturskulen har me syskenrabatt.
- Elevar på visuelle kunstfag betalar 3300 kr i året for å dekke ein del materialkostnader.
- Vaksdal barne- og ungdomskorps kjøper dirigenttenester for 8240 kr pr årstime.

### Elevar i kulturskulen etter disiplin pr.25.10.2016

- piano: 19
- gitar: 16
- treblås (klarinet, saxofon): 15
- messingblås (kornett, trompet, horn, trombone, baryton): 13
- song: 8
- treblås (tverrfløyte): 7
- visuell kunst: 6
- band: 5 faste, 4-5 på veg inn?
- slagverk/trommer: 5
- fiolin: 3

### Breidde på tilbod i kulturskulen

- Kulturskulen har **musikk** og **visuell kunst**. Me har og eit samarbeid med **Dalekunst** som går tilbake til starten. Enkelte elevar i kulturskulen er med i ei gruppe kalla **kreativ verkstad**, der dei får lage ting i grenseland mellom produktdesign, kunst og teknologi. Tidlegare har me hatt **dans** og **teater**, men administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å få det i gong att. Spesielt dans ynskjer me oss, og det er ei interesse hjå brukarane for det.
- Skuleåret 2016-17 startar kulturskulen opp med eit **samarbeid med barnehagane**. Kvart år vil me være innoom alle barnehagane og gje førskuleungane ein smak av kulturskulen. Kulturskulelærar Knut Magnus Bøen skal lære dei å spele ukulele, og saman med Sindre Sortland skal han ha **instrumentverkstad** der me lagar eit enkelt, men velklingane rytmeinstrument med kulturskulen sin logo på til bruk i sambatoget under Daledagane.

## KOSTNADER REINHOLD KLUBBHUS

- **Vaksdal Klubbhus**  
To gonger pr veke i 12 månader/ 2 timar pr gong, 192 timar
- **Dale klubbhus**  
To gonger i veka i 6 månader + 1 gong i veka i 1 månad/ 2 timar pr gong, 104timar  
Total arbeidstid, 296 timar/år
- I tillegg kjem reingjeringsmateriell, rekvisita og reingjering av moppar og klutar
  
- Kostnader for reinhold klubbhus Vaksdal og Dale 296 t/år x 480,- 142 080,
- -Reingjeringsmateriell 5 000,-
- Tot kostnad 147 080,-



## **SØSKENMODERASJON FOR DEI SOM HAR BORN MED 100 % Plass BÅDE I BARNEHAGE OG SFO**

Vaksdal kommune har pr. i dag søskenmoderasjon både i SFO og barnehage.

Søskenmoderasjon er mindre brukt i SFO enn i barnehage og det er ulike moderasjonsordningar frå kommune til kommune. Bergen kommune har t.d. 25 % søskenmoderasjon i SFO for 3. barn. I Vaksdal kommune har vi 30 % søskenmoderasjon for 2. barn.

I barnehage er søskenmoderasjon med 30 % for 2. barn og 50 % for 3. barn mykje brukt i andre kommunar. I tillegg er det innført ulike nasjonale ordningar for familiar med låg inntekt; reduksjon i foreldrebetalinga for nokon og gratis kjernetid for andre. I barnehagane i Vaksdal er søskenmoderasjonen 40 % for 2. barn og 65 % for 3. barn.

Vaksdal kommune har pr. i dag ikkje søskenmoderasjon for familiar med eitt eller fleire born i SFO og eitt eller fleire born i barnehage. Ved gjennomgang av born i SFO og barnehage der familien har eitt eller fleire born med 100 % plass i både SFO og barnehage finn vi at dette gjeld 12 familiar i Vaksdal kommune pr. oktober 2016.

Ved innføring av søskenmoderasjon mellom SFO og barnehage der borna har 100 % plass kan ein t.d. gje 30 % moderasjon rekna av den lågaste eigebetalinga. Ved ei slik ordning vil ein familien få reduksjon i betaling på kr. 819,- pr. mnd (kr. 9009,- årleg).

Inntektene til Vaksdal kommune vil ved ein slik søskenmoderasjon verta redusert med kr. 9009,- pr. familie med born som har born med 100 % plass både i SFO og barnehage. Viss dette gjeld 10 familiar vert inntektene redusert med kr. 90 090,- og ved 20 familiar kr. 180 180,- Slik talet er i oktober med 12 familiar vil inntektene for 2017 verta redusert med kr. 108 108,-

## **REDUKSJON I OPNINGSTIDA I BARNEHAGANE**

Barnehagane i Vaksdal har i dag ope inntil 10,25 timar pr. dag. Opningstidene utfordra bemanninga i kjernetida i barnehagen, då barnehagane må strekke bemanninga over 10,25 timar. Gjennom kartlegging av oppmøte og avslutning av dagen for borna, registrera barnehagane at det er få eller ingen barn dei første 45 minuttane av dagen og det same den siste halvtimen av dagen.

Økonomisk vil ein ved ei kortare opningstid kunne redusera variable lønnskostnadar (vikarutgifter) noko ved at ein er fleire vaksne i barnehagen og på avdelingane samstundes og då ikkje ha trong for å setje inn vikar ved kortare fråvær. Tiltaket vil òg føre til auka bemanning i kjernetida når det er flest born tilstades på avdelingane. Ved å ta i bruk nytt digitalt verkty som betra kommunikasjonen med foreldre om blant anna borna sitt fråvær, gjer òg barnehagane ei betre oversikt til å planleggja dagane for dei tilsette på dei ulike avdelingane.

Tiltaka skal ivareta best mogeleg kvalitet i kjernetida i barnehagen.